

LEIV OLSEN

OF/UM-PARTIKKELEN SOM DATERINGSKRITERIUM FOR EDDAKVADA

I DENNE ARTIKKELEN argumenterer eg for at bruken av *of/um*-partikkelen, også kalla «fyllord», «ekspletiv partikkel», er det beste kriteriet for å anslå alderen på eddakvada. Det var ein tanke Hans Kuhn var inne på i 1929,¹ og som *Bjarne Fidjestøl* undersøkte nærmare.² Korleis det kan gjerast, prøver eg å visa i denne artikkelen. Eg ser òg på andre gamle språktrekk i eddakvada og viser at det er nokså godt samsvar mellom dateringane bruken av *of/um*-partikkelen antyder og dateringar andre språktrekk antyder. Artikkelen bygger på masteroppgåva «Alderen til eddakvada i *Codex Regius*. Spesielt om *of/um*-partikkelen som dateringskriterium».³

Innleiing

Problemet: kan me finna dateringskriterium forskarane kan semjast om?

Så lenge det har vore forska på eddakvada, har det stått strid om alderen. «Trass i eit omfattande forskingsarbeid for å datere eddadikt og for å finne kriterium for datering er problemet langt frå løyst,» skriv Else Mundal i *Handbok i norrøn filologi*.⁴

På 1800-talet var det lenge vanleg å sjå eddakvada som kulturarv frå fellesgermansk fortid, dikta i tidsrommet ca. 400–900, dei originale kvada var eldre enn midten av 800-talet.⁵ Sophus Bugge og Edvin Jessen snudde

1 Hans Kuhn, *Das Füllwort of-um im Altwestnordischen. Eine Untersuchung zur Geschichte der germanischen Präfixe* (Göttingen: Vandenhoeck & Ruprecht, 1929).

2 Bjarne Fidjestøl, «Ekspletivpartikkelen som dateringskriterium: Forsøk i filologisk statistikk», *Festskrift til Finn Hødnebo* 29. desember 1989 (Oslo: Novus, 1989), 46–64; Bjarne Fidjestøl, *The Dating of Eddic Poetry*, red. Odd-Einar Haugen (København: Reitzel, 1999).

3 Leiv Olsen, *Alderen til eddakvada i Codex Regius. Spesielt om of/um-partikkelen som dateringskriterium*, masteroppgåve i norrønt, Universitetet i Bergen (2019).

4 Else Mundal, «Edda- og skaldediktning», *Handbok i norrøn filologi*, red. Odd Einar Haugen (Bergen: Fagbokforlaget, 2013), 366.

5 Fidjestøl, *The Dating of Eddic Poetry*, 4f; Rudolf Keyser, *Nordmændenes Videnskabelighed og Literatur i Middelalderen* (Christiania: Malling, 1866), 269.

opp-ned på desse førestillingane og hevda at *ingen* av «de til os bevarede» kvada var eldre enn 800-talet.⁶ Seinare har det vore meir og meir vanleg å datera eddakvada, eller store delar av denne diktinga, til kristen mellomalder; «the tendency of recent time is to propose ever later dates».⁷ Det mest autoritative verket i dag er sjubandsverket *Kommentar zu den Liedern der Edda*, red. von See et al.; dei argumenterer for å datera dei fleste kvada til kristen tid, og då særleg til 1100- og 1200-talet.⁸ Også desse dateringane er omstridde, innvendingar er reiste blant anna av Bernt Øyvind Thorvaldsen og Haukur Þorgeirsson.⁹ Særleg Haukur argumenterer for at eddakvada må vera eldre.

Problemet har vore å finna kriterium ein kan semjast om. *Gabriel Turville-Petre* skreiv: «... in general it must be admitted that critics fall back on subjective arguments in dating the mythological lays».¹⁰ Ein har prøvd ut eit stort tal kriterium, forskarar har blant anna sett på språk og stil i eddakvada og sett om kvada inneheld lån av ulike slag, utan at det har avslutta debatten.

Kuhn nemnde i doktoravhandlinga si i 1929 at bruken av *of/um* som såkalla *Füllwort* (fyllord, ekspletiv partikkel) kanskje kunne nyttast som dateringskriterium, men fann ikkje ut korleis. Fidjestøl gjennomførte ein detaljert studie av bruken, spesielt i skaldekvad, og konkluderte at sjølv om bruken av «den ekspletive partikkelen» *of/um* viste ein tydeleg fallande tendens over tid, varierte bruken frå skald til skald så mykje at partikkelen

6 Fidjestøl, *The Dating of Eddic Poetry*, 5; Sophus Bugge, *Studier over de nordiske Gude- og Heltesagns Oprindelse*, (Christiania: Cammermeyer, 1881–1889), 7.

7 Joseph Harris, «Eddic Poetry», *Old Norse-Icelandic Literature. A Critical Guide*, red. Carol Clover og John Lindow (Toronto: University of Toronto Press, 1985), 93f.

8 *Kommentar zu den Liedern der Edda* (7 bd.), red. Klaus von See, Beatrice La Farge, Eve Picard, Katja Schulz og Matthias Teichert (Heidelberg: Winter, 1997–2019).

9 Bernt Øyvind Thorvaldsen, «Om Prymskviða, tekstlån og tradisjon», *Maal og Minne* (2008): 142–166; Bernt Øyvind Thorvaldsen, «The Dating of Eddic Poetry», *A Handbook to Eddic Poetry. Myths and Legends of Early Scandinavia*, red. Carolyne Larrington, Judy Quinn og Brittany Schorn (Cambridge: Cambridge University Press, 2016), 72–91; Haukur Þorgeirsson, «Late Placement of the Finite Verb in Old Norse *Fornyrðislag* Meter», *Journal of Germanic Linguistics* 24 (2012): 233–269; Haukur Þorgeirsson, «The Dating of Eddic Poetry – Evidence from Alliteration. *Approaches to Nordic and Germanic Poetry*, red. Kristján Árnason et al. (Reykjavík: Háskólaútgáfan, 2016), 33–61.

10 Gabriel Turville-Petre, *Myth and Religion of the North: The Religion of Ancient Scandinavia* (New York: Holt, Rinehart and Winston, 1964), 13.

ikkje kunne nyttast til å datera enkeltkvad.¹¹ Fidjestøl drøfta ikkje korfor det var så store utslag frå skald til skald når tendensen over tid var eintydig; eg vil visa at materialet hans inneheld opplysningar Fidjestøl ikkje ser ut til å ha vore merksam på. Om me samanliknar informasjonen dette gir med kva andre språktrekk antyder, får me eit interessant bilde som seier mykje om kvadas alder.

Eg vil fyrst gjera greie for tidlegare forskning på *of/um*-partikkelen og drøfta kva funksjon eller meininginnhald partikkelen kan ha hatt. Deretter vil eg ta opp korleis partikkelen er brukt i skaldekvad og drøfta føresetnadene for å bruka det materialet til også å datera eddakvada. Ut frå dette vil eg anslå dateringar for eddakvada, for deretter å jamføra desse anslaga med dateringar me kan utleia frå andre gamle språktrekk i kvada. Ei så omfattande undersøking gir grunnlag for å vurdere kor eigna *of/um*-partikkelen er som dateringskriterium.

Tidlegare studium av of/um-partikkelen

Norrønt *of* 'over; om, omkring' og *um* 'over; om, omkring' er preposisjonar (opphavlege adverb?) som i alle fall sidan urnordisk tid også kunne nyttast som trykksvak forstaving. I eldre norrøn tid blei denne trykksvake forstavinga uttala *of*, på 1200-talet *um*. Me må skilja mellom preposisjonane *of*, *um*, adverbet *um(b)*, *of* som forsterkande, trykksterk forstaving (t.d. *of-drykkja* 'drikka for mykje') og *of/um* som (rest etter) trykksvak forstaving, sjølv om dette ikkje alltid er enkelt. Det eg undersøker i denne artikkelen, er *of/um* som *rest etter trykksvak forstaving*, til vanleg kalla *Füllwort*, *füllord*, *ekspletiv partikkel*. Eg vil heller kalla den *of/um-partikkelen*, og vil seinare forklara korfor.

Ingerid Dal påviste at *of/um*-partikkelen kunne ha dei same verkna-dene som trykksvake forstavingar i andre germanske språk, noko også Kuhn hadde vore inne på ved fleire høve i avhandlinga si, som blant anna perfektiv funksjon (ingressiv og resultativ), inkoativ, gjera eit intransitivt verb transitivt, og ha emfatisk eller syntaktisk funksjon.¹² Eg har ei systematisk oversikt i 2. vedlegg i masteroppgåva mi (2. vedlegg, s. 79–89).

11 Fidjestøl, «Ekspletivpartikkelen...», 58; Fidjestøl, *The Dating of Eddic Poetry*, 217.

12 Ingerid Dal, *Ursprung und Verwendung der altnordischen «Expletivpartikel» of, um* (Oslo: Dybwad, 1930); Kuhn, *Das Füllwort*. Desse to doktoravhandlingane er dei grunnleggande verka om *of/um*-partikkelen.

Alle tilfella der *of/um*-partikkelen er nytta i eddakvada i *Codex Regius av den eldre Edda*,¹³ er lista opp i det 2. vedlegget til masteroppgåva mi (sjå litteraturlista).

Det har vore mange studiar av partikkelen. To doktoravhandlingar som begge blei leverte i 1929, dei nemnde av Kuhn og Dal, er grunnleggande.¹⁴ Andre viktige arbeid er levert av Dal (i *Norsk Tidsskrift for Sprogvidenskap*), Hallfrid Christiansen, Bjarne Fidjestøl, Kari Ellen Gade og Klaus Johan Myrvoll.¹⁵ Dei har forska både på *kva meiningsinnhald* (om noko) partikkelen hadde og *korleis den blei brukt*. I meir enn hundre år har forskarane vore samde om at partikkelen var ein rest etter trykksvake forstavingar; slike forstavingar fanst i urnordisk så vel som i andre gamle germanske språk, og er enno vanlege i vestgermanske språk i dag (som i tysk *geboren*, engelsk *become*). Det er mest semje om *korleis* partikkelen blei brukt, det er ikkje semje om partikkelen var reint fyllord eller enno hadde eit meiningsinnhald i norrøn tid.

Kuhn og Dal studerte både eddakvad, skaldekvad og prosa, og drøfta ut frå dette bruken av partikkelen generelt. Christiansen følgde opp denne diskusjonen. Fidjestøl studerte bruken av partikkelen i eddakvad. For å testa om partikkelen kunne nyttast til å datera dei, slik Kuhn hadde foreslått, kartla han bruken av partikkelen i skaldekvad som kan daterast med nokolunde visse. Resultatet var negativt. Han nytta også bruken av partikkelen i eddakvad til å anslå kva for ei *rangering* av alderen på kvada som hadde mest for seg. Gade og Myrvoll studerte bruken av partikkelen i skaldekvad, frå 800-talet til 1200-talet, og kartla korleis bruken endra seg over tid.

Partikkelen er mest brukt i kvad. Kuhn hevda den utelukkande blei brukt i kvad,¹⁶ Dal at den blei brukt både i kvad og i prosa, og på same vis

13 Heretter bare kalla 'Codex Regius'.

14 Står det ikkje anna, viser eg med 'Kuhn' og 'Dal' til doktoravhandlingane deira frå 1929–1930.

15 Ingerid Dal, «Zur Geschichte der schwachtonigen Präfixe im Nordischen», *Norsk Tidsskrift for Sprogvidenskap* 4 (1930): 179–210; Hallfrid Christiansen, «De germanske uaksentuerte prefixer i nordisk», *Norsk tidsskrift for sprogvidenskap* 19 (1960): 340–382; Fidjestøl, *The Dating of Eddic Poetry*; Kari Ellen Gade, «The Dating and Attributions of Verses in the Skald Sagas», *Ergänzungsbände zum Reallexikon der Germanischen Altertumskunde* 27 (Berlin, New York: de Gruyter, 2001), 50–74; Klaus Johan Myrvoll, *Kronologi i skaldekvæde* (Oslo: Universitetet i Oslo, 2014).

16 Kuhn, *Das Füllwort*, 2.

i begge høve. I kvad stod partikkelen alltid i trykklett posisjon, og utelukande føre substantiv, adjektiv eller verb. Kuhn viste at føre substantiv og adjektiv stod partikkelen, med eitt mulig unntak, alltid føre ord som hadde trykksvak forstaving i eldre germansk.¹⁷ Unntaket er vendinga *ofsvangan* i ei lausavisa av Einarr Skúlason frå 1100-talet, men andre forskarar meiner at der er *of* preposisjon.¹⁸ Føre substantiv viste han at partikkelen står føre ord med sositativt eller kollektivt innhald eller verbalabstrakt, aldri føre trestavingsord, samansette ord eller attributt. Føre verb står den føre infinitiv, presens, preteritum og perfektum partisipp, men aldri føre imperativ, presens partisipp eller trestavingsord og sjeldan føre verb med etterhengd nektingsledd.¹⁹ Partikkelen kan òg vera brukt i verb som, etter det me veit, ikkje hadde trykksvak forstaving i eldre germansk (det er ikkje lett å vita kva verb som ikkje hadde slik forstaving).²⁰ *Of/um* er også brukt i prosa, Kuhn og Dal trekte fram meir enn hundre døme. Kuhn meinte dette var noko anna, noko han kalla *potensial of*, mens Dal meinte bruken av *of/um* i prosa ikkje skilde seg frå bruken av det forskarane hadde kalla «ekspletiv partikkel» i kvad. Dal sette nemninga «ekspletiv partikkel» i hermeteikn.

Dei fleste forskarane meiner som Kuhn at *of/um*-partikkelen i norrønt var redusert til eit reint fyllord utan meiningsinnhald, eit ord som bare blei nytta til å ta vare på rytmikken i kvad. Når Dal var usamd, og meinte at partikkelen enno hadde eit visst meiningsinnhald, var det blant anna fordi den, etter hennar mening, blei brukt både i prosa og kvad, og på same måte i begge høve. Ho viste òg at i dei fleste tilfella kan det sjå ut som partikkelen forsyner følgjeordet med same mening som trykksvake forstavingar gav følgjeorda i eldre germansk. I andre tilfelle ser det ut som *of/um*-partikkelen har syntaktisk funksjon; også det samsvarar med bruken av trykksvak forstaving i eldre germansk. Christiansen var usamd med henne, då same ord blei brukt både med og utan *of/um* føre utan at ein kan påvisa nokon meiningsforskjell.²¹ Det viste, etter hennar mening, at *of/um* var tømd for meiningsinnhald i norrønt.

17 Same stad, 25f, 32.

18 Same stad, 32; Einarr Skúlason, Lausavisur, red. Kari Ellen Gade, *Poetry from the Kings' Sagas 2*, Skaldic Poetry of the Scandinavian Middle Ages 2 (Turnhout: Brepols, 2009), 571f.

19 Kuhn, *Das Füllwort*, 32 (om substantiv og adjektiv), 42, 44 (om verb).

20 Same stad, 43.

21 Christiansen, «De germanske uaksentuerte prefikser i nordisk», 346f.

Funksjonen til *of/um*-partikkelen: fyllord eller meningsberande?

Skal me nytta partikkelen til datering, er det ein fordel å finna ut kva funksjon den hadde. Var den i bruk i daglegtalet, hadde den enno eit meningsinnhald i norrøn tid, eller var den bare eit dikterisk verkemiddel som skaldar kunne nytta etter behov for å fylla ut trykklette stavingar i verselinja?

Fyllord?

Dersom *of/um*-partikkelen blei nytta som fyllord, utan anna hensikt enn å ta vare på rytikken i kvad, må me venta at (1) plasseringa var tilfeldig, utan anna avgrensing enn at den alltid blei nytta i trykklette stavingar, (2) utelukkande eller så å seia utelukkande blei nytta der det var nødvendig å fylla ut ei trykklett staving, (3) aldri eller så å seia aldri blei nytta i prosa, som ikkje treng slik utfylling, og (4) at verknaden alltid var at rytikken blei bevart.

Ingen hevdar at plasseringa var heilt tilfeldig. *Of/um* blei utelukkande nytta føre visse substantiv eller adjektiv eller føre verb, aldri elles, og bare føre substantiv, adjektiv eller verb under bestemte omstende. Forventning (1) kan me sjå bort frå.

Kuhn peika på at *of/um*-partikkelen også blei nytta i fleire tilfelle der verselinja ikkje mangla trykklette stavingar.²² Då fekk verselinja ei ekstra trykklett staving den ikkje trong. Når partikkelen blei nytta i slike høve, må den ha hatt ein annan funksjon enn å vera rytmefyll. Me kan sjå bort frå forventning (2).

Stemmer det at «fyllordet» aldri blei brukt i prosa, at det Kuhn kalla *potensial of* var noko anna? «Fyllordet» var ein rest etter ei forstaving som markerte perfektiv funksjon, men i norrøn prosa er *of/um* ofte nytta om potensielle tilfelle. Det som bare er potensielt, har enno ikkje hendt og kan følgjeleg ikkje vera perfektivt (fullført). Kuhn skjelna derfor mellom *of/um* som fyllord og det han kalla *potensial of*.²³ Han medgav at det ofte er vanskeleg å skilja dei frå kvarandre i praksis.

22 Kuhn, *Das Füllwort*, 45f.

23 Same stad, 104.

Blant prosadøma Dal trekte fram, er også ei rekke omtalar av fullførte, fortidige hendingar der modus er indikativ. Her vil eg trekka fram enkelte av eksempla Dal nemnde.

Ingjaldr på Keldur rir vekk frá staden der Flosi har brent Njál og familien inne, men støyter på Flosi og flokken hans. No står det om livet for Ingjaldr:

«mér þykkir þú við vant um kominn»²⁴

«For meg ser det ut som du har hamna i alvorlege vanskar» (mi omsetting); *um* markerer korleis situasjonen er endra og framhevar Alvoret (perfektiv og emfatisk funksjon).

Homilieboka fortalde om då Heilaganda kom over apostlane på den fyrste pinsedagen:

«en hver þið þóttesk sína tungu skilia, þót hann mælte á eina; þá þóttosc þeir of skilia, hvé mikill guðs kraftr fylgðe mále hans»²⁵

‘Skilia’ er fyrst brukt durativt, ‘oppfatta’; *offøre* ‘skilia’ andre gongen verbet blei nytta, markerte «eine plötzlich entstehende und bedeutsam empfundene Einsicht».²⁶ Partikkelen har her punktuell og emfatisk funksjon.

Eit døme frå legendane om heilage kvinner og menn:

«auglióst es, at Benedictus vissi leynda hluti guðs, es hann of leit, at klerkrinn vas diðfolóðr»²⁷

Offøre ‘leit’ framhevar at Benedictus kunne sjå det som var skjult for andre, det som elles bare Gud kunne sjå, og har dermed perfektiv funksjon og samtidig emfatisk: dette var mirakuløst.

Desse eksempla gjeld faktisk gjennomførte handlingar, det som er omtala, skjedde, og blei gjennomført, og det er omtala i indikativ. Dal har fleire døme der *of/um*-partikkelen er brukt i prosa om fullførte fortidige hendingar i indikativ modus.²⁸

24 Dal, *Ursprung und Verwendung*, 29.

25 Same stad, 52f.

26 Same stad, 53.

27 Same stad, 53.

28 Dal, *Ursprung und Verwendung*, 35–62 (gjeikk igjennom både fullførte hendingar omtala i indikativ og potensiale utsagn).

Elles kan alle germanske språk nytta perfektiv partisipp i konjunktiv, som i tysk: *Er hätte es getan können*. Då er handlinga bare *tenkt* gjennomført, utan at det hindrar bruken av forstaving som markerer perfektiv funksjon.

Når det er mange tilfelle der *of* og *um* er nytta i prosa som forstaving føre verb der fullførte handlingar er omtala i indikativ modus, og der verk-naden er perfektiv, emfatisk eller punktuell, og når det heller ikkje er noko hinder for å nytta perfektiv forstaving også i potensial modus, må konklusjonen bli at me ikkje kan skilja mellom bruken av *of/um*-partikkelen i kvad og prosa. Me må sjå bort frå forventning (3).

Stemmer det at *of/um*-partikkelen alltid bevarte rytmikken? Eit godt døme på det motsette er korleis partikkelen er brukt i *Vaǫfrúðnismál*. Kvadet har ei vending som blir gjentatt ei rekke gonger, med bare små variasjonar: *hvaðan jǫrð um kom* (20:4), *hvaðan dagr um kom* (24:4), *hvaðan vetr um kom* (26:4), *hvaðan vindr um kǫmr* (36:4), *hvaðan Njǫrðr um kom* (38:4) — men også *hvaðan máni um kom* (22:4). I det siste tilfellet blir rytmikken *endra* av det innsette ‘um’. Dersom poenget var å ta vare på rytmikken, skulle linja vore *hvaðan máni kom* — så korfor står eit førestilt *um* også i denne linja? Hensikta kan *ikkje* ha vore å ta vare på rytmikken. Ingen stader i kvadet blir vendinga *hvaðan... um kom* nytta utan det førestilte ‘um’. Det ser ut som denne forstavinga var så nødvendig at den ikkje kunne droppast, heller ikkje når den endra rytmikken.

Eit vel så viktig spørsmål er: *kva for ein rytme* skulle partikkelen ta vare på, når me veit at talet trykklette stavingar varierte stort i eddakvada, utan at det skapte problem for versemålet? I dei verselinjene der *of/um*-partikkelen er nytta i eddakvada i *Codex Regius*, dei har alle to trykkktunge stavingar, varierer talet trykklette stavingar frå éi (*lær um getr*, *Háv.* 58:5)²⁹ til átte (*ok verðr þá þinu fjǫrvi um farit*, *Ls.* 57:6) og jamvel ni (*eða hefði honum Suttungr of sóit*; *Háv.* 109:7; *en þat of hyggi hverr ósviðra apa*; *Grm.* 34:3). Sjølv om me heller bør telja *morae* enn stavingar, er det klart at éi trykklett staving frå eller til ikkje kan ha skapt problem. Forventning (4) kan me sjå bort frå.

29 Andre døme: *margt um dvelr* (*Háv.* 59:4); *þær um vindr* (*Sd.* 13:4); *þær um vefr* (*Sd.* 13:5); *þær of réð* (*Sd.* 14:4); *þær of reist* (*Sd.* 14:5); *vindr of lék* (*Gðr.* I 7:4); *ills um fyllð* (*Sg.* 8:2); *yðr um líkr* (*Sg.* 39:6); *mærr um lék* (*Hm.* 12:3).

Ingenting av det me må forventa, dersom *of/um*-partikkelen var reint rytmefylt, stemmer. Funksjonen må ha vore ein annan.

Hadde of/um-partikkelen eit meiningsinnhald enno i norrøn tid?

Når *of/um*-partikkelen er brukt i eit stort tal tilfelle der den umulig kunne tena som rytmefylt, må det vera andre grunnar til at partikkelen blei brukt. Me veit òg at partikkelen blei mest brukt av meisterskaldane, dei Snorri Sturluson framheva som førebilde då han skreiv *Snorra Edda*, læreboka i skaldskap (jf. oversikta over skaldane lenger nede, tabell 1). Korfor skulle meisterskaldane ty til fyllord i stort monn når langt meir ubetydelege skaldar klarte seg fint utan? — Sant nok blei *of/um* alltid brukt i trykklette stavingar, men det var jo fordi stavinga ikkje hadde trykk og følgjeleg *ikkje kunne* gis tyngd i verselinja.

Som Christiansen peika på var bruken av partikkelen ikkje konsekvent. Same følgjeord kunne stå med eller utan eit førestilt *of/um* utan at ein kan sjå det gav ei anna mening. Men det gjeld også forstavingar i andre germanske språk. «In allen germanischen Sprachen standen Wörter mit Präfix neben präfixlosen ohne merkbaren Bedeutungsunterschied».³⁰ Det betyr ikkje at forstavinga hadde mista meiningsinnhaldet, men at det var underforstått. Me kan samanlikna med ordparet *gjennomsnitt/snitt*, som blir nytta om kvarandre i moderne norsk, utan meiningsforskjell, då det framgår av samanhengen om *snitt* blir brukt i tydinga 'gjennomsnitt' eller i ei anna tyding. Me kan òg samanlikna med subjunksjonane *om*, *at* og *når*, som i visse samanhengar kan droppast utan at det fører til misforståingar, då det framgår av samanhengen at subjunksjonen i slike tilfelle er underforstått.³¹

Kuhn påviste at Bragi var konsekvent i bruken av *of/um*-partikkelen, noko som tyder på at den enno høyrde til talemålet på hans tid og enno fungerte som trykksvak forstaving, mens bruken var inkonsekvent hos alle skaldar etter hans tid. Det tolka han som at partikkelen forsvann frå talemålet etter midten av 800-talet, då Bragi levde, og seinare bare blei brukt som dikterisk verkemiddel i kvad. Men når me veit at partikkelen må ha blitt brukt av andre grunnar enn som rytmefylt, er det ikkje så

30 Kuhn, *Das Füllwort*, 99.

31 Lars Anders Kulbrandstad, *Språkets mønstre* (Oslo: Universitetsforlaget 2012; 1. utg. 1993), 231; 233; Olsen, *Alderen til eddakvada*, 79f.

sikkert at den var forsvunne frå talemålet. Kanskje den inkonsekvente bruken av partikkelen tvert om *spegla* bruken i daglegtalet? Både Kuhn, Dal, Chritiansen, Fidjestøl, Gade og Myrvoll har påvist at partikkelen blei brukt mindre og mindre over tid, at den så etter ei tid ikkje lenger blei brukt føre nomen og rundt 1300 forsvann heilt. Det stemmer godt med ei utvikling der partikkelen som forstaving gradvis kjendest mindre nødvendig i *talespråket* innntil den forsvann heilt. Som Kuhn sjølv peika på: forstavingar kan vera brukt inkonsekvent i alle germanske språk, slik at prefigerte og ikkje-prefigerte former kan nyttast side om side.

Me kan slå fast at *of/um*-partikkelen må ha hatt andre funksjonar enn bare å vera rytmeffyll, og at det er fullt mulig at den kan ha bevart noko av meiningsinnhaldet som eldre forstavingar hadde. Men om partikkelen faktisk *hadde* slikt innhald enno langt inn i norrøn tid, kan me bare finna ut ved å undersøka bruken i dei konkrete tilfella.

Bruken av of/um-partikkelen i eddakovada

Eg har undersøkt bruken av *of/um*-partikkelen ved kvart enkelt tilfelle i eddakovada i *Codex Regius*. Det er ikkje alltid sikkert om det har vore eit *of/um* i originalen eller ikkje, og om det i så fall er snakk om preposisjon, adverb, det forsterkande *of-* (som t.d. i *ofdrykkja*) eller «fyllordet», så me har ikkje eit eksakt tal, men kan rekna med at det er snakk om 220–230 døme totalt. Fidjestøl talde 223 døme, eg talde 225.³²

Føre substantiv og adjektiv er *of/um*-partikkelen i eddakovada nytta på same måte som trykksvake forstavingar i eldre germansk, det er forskarane samde om. Spørsmålet gjeld dei 213 tilfella der *of/um*-partikkelen er brukt føre verb (i nokre av desse tilfella kan partikkelen vera brukt syntaktisk).

Eg talde opp 79 tilfelle der partikkelen er brukt føre perfektum partisipp. Bruken er ikkje konsekvent, og det var den heller ikkje i eldre germansk. Ved fleire tilfelle der *of/um*-partikkelen blei brukt føre perfektum partisipp, ser me at partikkelen også kan ha hatt andre funksjonar som samsvarar med bruken av trykksvake forstavingar i eldre germansk, så tala for slike andre tilfelle kjem ikkje alltid i tillegg til dei 79 tilfella med perfektum partisipp.

32 Olsen, *Alderen til eddakovada*, 2. vedlegg.

I 8 tilfelle gir *of/um* verbet ei tyding ‘fylt heilt opp’, ‘fullført’, ‘fullstendig dekt’, ‘over alt’,³³ t.d. *ok hefir fjöld um farit* (Háv. 18:3); *ills um fylld* (Sg. 8:2); i 37 andre tilfelle markerer partikkelen ingressiv eller resultativ (perfektive funksjonar), t.d. *vígdrott ǫll um vakin* (Háv. 100:3); *ok ek drykk of gat* (Háv. 140:4); *hvaðan jörð um kom* (Vm. 20:4); i 15 andre tilfelle gir partikkelen verbet den spesielle perfektive tydinga ‘bli drepen, dø, bli gjort til inkjes’, t.d. *uppi, ertu, dvergr um dagaðr* (Alv. 35:6); *ok Fáfnir um farit* (Fm. 23:3); *eða sverð um beit* (HHv. 39:6). Ved alle desse tilfella blir *of/um* brukt på same måten som gotisk og vestgermansk *ga/ge/gi-*. Ved minst 2 andre tilfelle markerer partikkelen inkoativ (endra tilstand; *um saknaði*, Þrk. 1:4; *um sofnaði*, Vkv. 27:4). Dal peika på at dei fleste inkoative verb blei prefigerte i gotisk.³⁴ Ved 4 andre tilfelle fører bruken av partikkelen til at eit intransitivt verb blir transitivt (*Frigg um grét vá Valhallar*, Vsp 33:5-7; *mund um standa*, Vsp. 53:6; *ef mik nauðr um stendr*, Háv. 154:2; *því ek land um sték*, Ghv. 13:7); både i gotisk og vestgermansk var det vanleg å danna transitive verb ved å gi eit intransitivt verb ei trykksvak forstaving.³⁵ I 12 tilfelle ser det ut som partikkelen markerer at verbet er knytt til magi (t.d. vendingane i *Sd.* 13–14). Me veit ikkje om dette var vanleg bruk av trykksvake forstavingar i eldre germansk, men me har eksempel som ght. *bigelen* ‘verhexen’, og Dal peika på at det skjer påfallande regelmessig i eddakvada.³⁶ I tillegg fann eg 58 andre tilfelle der *of/um* står føre verb me veit var prefigerte i eldre germansk, med tydingar som svarar presist til dei aktuelle eldre germanske tilfella. For alt dette, sjå oversikta mi i 2. vedlegget til masteroppgåva mi.³⁷ Eg må dessutan nemna (*mærr*) *um lék* (Hm. 12:3); i masteroppgåva hadde eg inga forklaring på bruken i det tilfellet, men vendinga kan ha same tyding som got. *bi-láikan* ‘hána’.

Utanom desse lite omstridde tilfella fann eg 18 tilfelle der me har grunn til å *tru* at eldre germansk hadde prefigerte verb, 12 tilfelle der det førestilte *of/um* ifølgje Dal hadde emfatisk funksjon og 37 tilfelle der partikkelen ifølgje Dal er brukt syntaktisk. Det er ikkje opplagt at *of/um* då er brukt på

33 I masteroppgåva skriv eg ni tilfelle, men der kom eg i skade for å rekna det eine tilfellet (*Rm.* 2:3) to gonger.

34 Dal, *Ursprung und Verwendung*, 15.

35 Same stad, 13; 69; Christiansen, «De germanske uaksentuerte prefikser i nordisk», 341.

36 Jan de Vries, *Altnordisches Etymologisches Wörterbuch* (Leiden: Brill, 1961), 153; Dal, *Ursprung und Verwendung*, 75, 82.

37 Olsen, *Alderen til eddakvada*, 2. vedlegg, 81–86.

same måte som dei trykksvake forstavingane i eldre germansk, men det er gode grunnar til å meina det. Sju tilfelle gjenstår, dei er verre å forklara:

fǫður um hefna (*Grp.* 9:2)

karl orð um kvað (*Hym.* 32:5)

alls fyrst um kvað (*Prk.* 2:2; 3:4; 9:10; 12:4; repetisjonar i same kvad blir ikkje talde)

alls fyrst um kvað (*Brot* 5:4)

orð viðr um kvað (*Sg.* 51:4)

alls fyrst um kvað (*Od.* 3:10)

flest orð of kvað (*Od.* 15:4)

Hefna har ein usikker og omdiskutert etymologi. Harald Bjorvand og Fredrik Lindemann skriv at verbet kan ha hatt prefiks i enkelte tydingar.³⁸ Eg dreg då den slutninga at *um* også i dette tilfelle kan stå i staden for ei eldre trykksvak forstaving; det er i det minste ei mulighet. Underleg er alle utsagna med *um-kvað*. *Kveða* er eit perfektivt verb som ikkje blei prefigert i andre germanske språk, med mindre det gjaldt tydingar som 'legga til, setta saman', 'seia seg einige', tydingar som slett ikkje passar dei aktuelle stadene i eddakvada. Samtidig er det noko merkeleg standardisert ved desse vendingane, som om dei var standardvendingar — og det var kanskje nett det dei var? Thorvaldsen har peika på at *ok hann þat orða / alls fyrst um kvað* fungerer som det han kallar ein taleformel, ei standardvending som varslar (førebur) overgang frå referat til direkte tale.³⁹ Ein slik overgang vil eg rekna som perfektiv funksjon (ingressiv). Nett slik fungerer vendinga i fem av dei seks døma lista opp over; bare verselinja *flest orð um kvað* (*Od.* 15:4) kan ikkje ha ein slik funksjon, då den kjem eit godt stykke inne i ein lang sekvens med direkte tale.

Eg kan oppsummera at ved det store fleirtalet av verselinjer der *of/um*-partikkelen er brukt i eddakvada i *Codex Regius*, svarar bruken godt til korleis trykksvake forstavingar blei brukt i eldre germansk. Partikkelen tilfører følgeordet tydingar som svarar godt til kjende tilfelle i eldre germansk. Eit mindre tal tilfelle er meir usikre og ved eitt tilfelle (*flest orð um kvað*, *Od.* 15:4) har eg inga god forklaring. Totalinntryket er etter mitt syn at *of/um*-partikkelen i eddakvada hadde same funksjonar, eller liknande

38 Harald Bjorvand og Fredrik Lindemann, *Våre arveord*, 3. utg. (Oslo: Novus, 2019), 501f.

39 Thorvaldsen, «Om Þrymskviða, tekstlån og tradisjon», 153f.

funksjonar, som trykksvake forstavingar i eldre germansk. Eg har ikkje bevist at det er sånn, men det er den beste forklaringa me har etter studiar så langt.

Konklusjon om meningsinnhaldet til partikkelen

Me kan ikkje forklara *of/um*-partikkelen som rytmevoll, den må ha vore nødvendig av andre grunnar, og då blir det misvisande å kalla den «fyllord», «ekspletiv partikkel». Kanskje den inkonsekvente partikkelbruken spegla bruken i daglegtalet? Viss det er tilfelle, blir den eit meir truverdig aldersmål enn viss den bare var eit dikterisk verkemiddel som skaldar vilkårlig tydde til. Det ser ut som partikkelen enno hadde bevart noko av funksjonen og innhaldet til dei eldre trykksvake forstavingane, sjølv om den i norrøn tid blei brukt inkonsekvent og gradvis forsvann ut av språket. Eg vel derfor å kalla partikkelen for *of/um*-partikkelen.

Korleis *of/um*-partikkelen kan nyttast til datering

Me har bevart ein rik norrøn litteratur frå 1200- og 1300-talet, men bare eit fåtal handskrift frå 1100-talet og ingen eldre enn det. Runeinnskrifter er ofte særskild kortfatta og omdiskuterte. Kvad er vår beste kjelde til talemålet i norrøn tid eldre enn 1200-talet, men kvad kan vera vanskelege å datera, dei kan ha blitt endra under overleveringa og dei var ein spesiell sjanger; kvar sjanger set sine særlege krav til språkføringa. Det som er vanleg språkbruk og ordforråd i sjangeren, treng ikkje vera like vanleg i daglegtalet. På den andre sida er skaldekvad ein sjanger som ligg eddakvada nær. I den grad desse to sjangrane skilde seg frå kvarandre i ordforråd, var det helst i kenningbruk og knapt i bruken av *of/um*-partikkelen. Spørsmålet er om det finst så klare trekk i *of/um*-bruken i skaldekvada at me kan bruka det til å datera eddakvada.

Kor godt kan ein rekna med at språket er bevart i kvada? Kvada blei overleverte munnleg, ofte i generasjonar, før dei blei skrivne ned. Språket kunne endrast under overleveringa, bli jenka etter det som til ei kvar tid var gjengs talemål. Men rimkrava var strenge, særleg i dei versemåla som er typiske for skaldekvada, og bidrog til å bevare kvada med bare små endringar. Endringane er truleg større i kvad dikta i eddaversemål, der rimkrava var færre, men også i dei versemåla verka rimkrava bevarande. Skaldeversemåla

regulerte både trykkunge og trykklette stavingar. Eddaversemåla regulerte bare dei trykkunge stavingane, då var nok trykklette stavingar meir utsette for slitasje.

Spegla språket i kvada samtidas språkbruk? Ikkje nødvendigvis. Visse ord blei langt oftare brukte i kvad enn i daglegtale, særleg ord som blei nytta i *heiti* og *kenningar*. Skaldar lånte vendingar frå eldre kvad og kunne få gamle språktrekk med på kjøpet. Det er òg hevda at enkelte skaldar medvite la an på arkaisk språk i visse kvad. Når versematerialet er omfattande nok, ser me likevel at endringar under overleveringa har ein tendens til å drukna i mengda. Eldre dikting skil seg tydeleg frå yngre; det ser ein av den nemnde undersøkinga til Fidjestøl og spesielt av Myrvolls omfattande undersøking av både språk og metrikk i si doktoravhandling. Eit viktig spørsmål er derfor *kor omfattande* materialet må vera for at me kan bruka det til dateringar.

Of/um-frekvensen i skaldekvada

Fidjestøl, Gade og Myrvoll har alle kartlagt bruken av *of/um*-partikkelen i skaldekvada. Fidjestøl undersøkte skaldekvad i perioden 800–1200, men bare kvad med minst 80 (kort)verslinjer, Gade undersøkte kvad, både lange og korte, i perioden 800–1300, men bare kvad i versemålet *dróttkvætt*, Myrvoll undersøkte kvad i versemåla *dróttkvætt*, *brynhent*, *kviðuhátt*, *fornyrdís*lag og *málahátt*, kvar for seg, i perioden 800–1300, stort sett bare kvad med minst 80 verselinjer. Dei gjorde med andre ord ulike utval, men det er stort samsvar mellom funna hos alle tre. Det tyder på at bak tala dei rekna seg fram til, ligg det eit mønster som speglar ordbruken i samfunnet.

I alle versemåla Myrvoll undersøkte, fann han den same tendensen: omfattande bruk av *of/um*-partikkelen på 800–900-talet, langt sjeldnare på 1100–1200-talet. Utslaga var litt kraftigare i enkelte versemål enn i andre. Forskjellane mellom versemåla er ikkje store og det bare er i *dróttkvætt* materialet er omfattande. Eg vel derfor å leggja saman tala hans for å få eit tydelegare bilde av utviklinga. Myrvoll undersøkte ikkje kvad i *ljóðahátt*. Eg kjenner bare til tre skaldekvad med fleire enn 80 overleverte linjer i det versemålet: *Hákonarmál*, *Heiðreks gátur* og *Sólarljóð*. *Hákonarmál* frå rundt 960 har 7 *of/um*-partiklar på 84 verselinjer i *ljóðahátt* (i 8,1 % av alle verselinjene), *Heiðreks gátur* av uviss alder har 3 partiklar på 159 verselinjer

(i 1,9 % av verselinjene), *Sólarljóð* frá seint 1100-tal eller 1200-talet har 4 partiklar på 498 verselinjer (i 0,8 % av verselinjene). Tendensen over tid ser ut til å vera den same som i andre versemål.

Eg bruker Myrvolls tal, som er mest identisk med Fidjestøls, då Myrvolls arbeid er det nyaste og då han, i motsetning til Fidjestøl, også har med skaldekvad frå 1200-talet. Myrvoll summerte bare versemåla kvar for seg.⁴⁰ Eg slår saman tala hans, tar bare med skaldar (eller anonyme kvad) med minst 80 verselinjer, og får då denne oversikta (tabell 1):

Tabell 1. *Of/um-partikkelen i skaldekvad frå 800- til 1200-talet*

Oversikta nemner den enkelte skalden, med samla tal bevarte kortverslinjer (tal i parentes for verselinjer i *dróttkvætt* – *hrynhent* – *kviðuhátt* – *fornyrðislag/málahátt*), deretter samla tal verselinjer med *of/um*-partikkel (tal i parentes for verselinjer med *of/um*-partikkel i *dróttkvætt* – *hrynhent* – *kviðuhátt* – *fornyrðislag/málahátt*), til slutt verselinjer med *of/um*-partikkel i prosent av alle verselinjer.

Skald	Bevarte vers ⁴¹	Of/um-part	% av alle vers
800-talet			
Bragi	128 (128-0-0-0)	8 (8-0-0-0)	6,3%
Þorbjörn Hornklofi	244 (72-0-0-172)	2 (1-0-0-1)	0,8%
900-talet			
Þjóðólfr ór Hvini ⁴²	529 (169-0-360-0)	41 (12-0-29-0)	7,8%
Egill Skallagrímsson	906 (376-0-390-140)	51 (16-0-23-12)	5,6%
Eyvindr skáldaspillir	344 (104-0-100-140)	14 (5-0-2-7)	4,1%
Holmgöngu-Bersi	104 (104-0-0-0)	2 (0-0-0-0)	1,9%
Víga-Glúmr	82 (82-0-0-0)	6 (6-0-0-0)	7,3%
Glúmr Geirason	100 (100-0-0-0)	4 (4-0-0-0)	4,0%
Gisli Súrsson	266 (266-0-0-0)	6 (6-0-0-0)	2,3%
Kormákr	530 (530-0-0-0)	19 (19-0-0-0)	3,6%

40 Myrvoll, *Kronologi i skaldekvæde*, 293–308.

41 Med 'vers' meiner eg kortlinjer.

42 Me veit ikkje om diktinga til Þjóðólfr skal leggst til andre halvdel av 800-talet eller til tidleg 900-tal. *Ynglingatal* blei dikta til Rognvaldr heiðum-hárr, ein konge me ikkje veit når levde, *Haustlög* til Þórleifr spaki, som må ha levd på tidleg 900-tal. Eg reknar derfor Þjóðólfr til tidleg 900-tal.

Skald	Bevarte vers ⁴¹	Of/um-part	% av alle vers
Einarr skálaglamm	284 (284-0-0-0)	11 (11-0-0-0)	3,9%
Þórarinn máhliðingr	136 (136-0-0-0)	0	0%
Tindr Hallkelsson	96 (96-0-0-0)	1 (1-0-0-0)	1,0%
Eilífr Goðrúnarson	168 (168-0-0-0)	3 (3-0-0-0)	1,8%
Hallfreðr vandr.skáld	504 (504-0-0-0)	11 (11-0-0-0)	2,2%
1000-talet			
Hávarðr Ísfirðingr	108 (108-0-0-0)	0	0%
Þórðr Kolbeinsson	214 (214-0-0-0)	3 (3-0-0-0)	1,4%
Björn Hítðælakappi	174 (174-0-0-0)	1 (1-0-0-0)	0,6%
Gunnlaugr Ormstunga	100 (100-0-0-0)	0	0%
Sigvatr skáld	1158 (1158-0-0-0)	16 (16-0-0-0)	1,4%
Óláfr helgi	136 (136-0-0-0)	0	0%
Óttarr svartí	240 (240-0-0-0)	5 (5-0-0-0)	2,1%
Þórmóðr Kolbr.skáld	312 (312-0-0-0)	5 (5-0-0-0)	1,6%
Þórarinn loftunga	76 (0-0-76-0)	1 (0-0-1-0)	1,3%
Haraldr harðráði	113 (113-0-0-0)	1 (1-0-0-0)	0,9%
Arnórr jarlaskáld	576 (450-126-0-0)	6 (2-4-0-0)	1,0%
Þjóðólfr Arnórsson	595 (595-0-0-0)	5 (5-0-0-0)	0,8%
Þórleikr fagri	90 (90-0-0-0)	2 (2-0-0-0)	2,2%
Steinn Herdísarson	187 (187-0-0-0)	0	0%
1100-talet			
Markús Skeggjason	196 (0-196-0-0)	0	0%
Halldórr skvaldri	96 (96-0-0-0)	0	0%
Gísl Illugason	160 (0-0-0-160)	0	0%
Ívarr Ingimundarson	318 (0-0-0-318)	0	0%
Einarr Skúlason	889 (889-0-0-0)	6 (6-0-0-0)	0,7%
Rognvaldr jarl	260 (260-0-0-0)	0	0%
Gamli kanóki	536 (504-32-0-0)	7 (5-2-0-0)	1,3%
Placidusdrápa	451 (451-0-0-0)	0	0%
Nóregs konungatal	664 (0-0-664-0)	0	0%

Skald	Bevarte vers ⁴¹	Of/um-part	% av alle vers
Uviss alder, plaserte på 1100-talet			
Hallar-Steinn	298 (298-0-0-0)	3 (3-0-0-0)	1,0%
Haukr Valdisarson	210 (210-0-0-0)	2 (2-0-0-0)	1,0%
Óláfs drápa Tryggv.	219 (219-0-0-0)	4 (4-0-0-0)	1,8%
Leiðarvísan	344 (344-0-0-0)	0	0
1200-talet			
Bjarni byskup	324 (324-0-0-0)	4 (4-0-0-0)	1,2%
Grettis saga	418 (418-0-0-0)	0	0%
Sturla Þórðarson	504 (0-168-336-0)	4 (0-1-3-0)	0,8%
Sturlunga saga	802 (802-0-0-0)	1 (1-0-0-0)	0,1%
Njáls saga	372 (372-0-0-0)	1 (1-0-0-0)	0,3%
Líknarbraut	400 (400-0-0-0)	2 (2-0-0-0)	0,5%
Óláfr hvítaskáld	88 (0-88-0-0)	0	0%


Repetisjonar i kvad (f.eks. i stef) blir ikkje talde. Set eg opp Myrvolls tal grafisk, får eg figur 1 (sjå neste side).

Kvar enkelt sirkel er ein skald. Den horisontale aksen er ein tidsakse, den vertikale aksen viser frekvensen av *of/um*-partikkelen, rekna som verselinje med *of/um*-partikkel i prosent av alle overleverte verselinjer av skalden. Repetisjonar i same kvad blir ikkje talde. Her ser me kor hyppig kvar enkelt skald nytta *of/um*-partikkelen. Me har t.d. 128 overleverte verselinjer etter Bragi (sirkelen lengst til venstre), 8 med *of/um*-partikkel, som gir $(8 : 128) \times 100 \% = 6,3 \%$.

Me ser eit tydeleg skilje før og etter 980-åra. Fram til 980-åra, det vil seia alle skaldar tilmed Einarr skálaglamm, brukte så å seia alle skaldar *of/um*-partikkelen i meir enn 2,5 % av alle (kort)verslinjer; sjå tabell 1. Bare tre skaldar (Þorbjörn Hornklofi, Holmgöngu-Bersi og Gísli Súrsson) hadde færre, bare Hornklofi hadde klart sjeldnare bruk av partikkelen. Etter 980-åra hadde *ingen* skald så hyppig bruk av partikkelen (jf tabell 1). Dei usikkert daterte skaldane som her er rekna til 1100-talet, rokkar ikkje ved dette.

Figur 1. *Of/um*-partikkelen i skaldekvad

Skaldar i kronologisk rekkefølge frå 800-talet til 1200-talet. Kurva viser verselinjer med *of/um*-partiklar i prosent av alle verselinjer frå den enkelte skalden. Kvar sirkel er ein skald, eit anonymt kvad eller ei islendingasaga med kvad. Øvre kant av den raude, vassrette streken går ved 2,5 %.



Eit anna skilje ser me rundt 1060. Etter 1060 var det få som brukte *of/um*-partikkelen i det heile tatt.


I korte tekstar vil me alltid få vilkårlege utslag. Kva skjer dersom me skjerpar kravet til ordmengd og bare tar med skaldar me har minst 300 overleverte verselinjer etter? Då får me figur 2 (sjå neste side).

Kurva fell jamt, med få unntak: Einarr Skúlason og Gamli kanóki skilde seg ut på 1100-talet, Bjarni byskup og Sturla Þórðarson på 1200-talet. Endå meir regelmessig blir kurva om me bare tar med skaldar me har bevart minst 500 verselinjer etter (figur 3) (sjå side 180). Då blir den religiøse diktinga til Gamli kanóki det einaste som bryt ei elles jamt fallande kurve.

Samlar me opp skaldar på heile hundreår (eg slår saman 800- og 900-talet, då me bare har to skaldar – Bragi og Hornklofi – me nokolunde sikkert kan datera til 800-talet), og bruker tala til Myrvoll, får me denne utviklinga:

Figur 2. Of/um-partiklar hos skaldar med minst 300 verselinjer

Skaldar i kronologisk rekkefølge frå 800-talet til 1200-talet, bare skaldar (isl.sagaer/anonyme kvad) med minst 300 overleverte verselinjer. Kurva viser verselinjer med of/um-partiklar i prosent av alle verselinjer frå den enkelte skalden. Kvar sirkel er ein skald, eit anonymt kvad eller ei islendingasaga med kvad, frå venstre mot høgre: Þjóðólfr, Egill, Eyvindr, Kormákr, Hallfreðr, Sigvatr, Þórmóðr Kolbrúnarskáld, Arnórr jarlaskáld, Þjóðólfr Arnórsson, Ívarr Ingimundarson, Einarr Skúlason, Gamli kanóki, *Placidusdrápa*, *Nóregs konungatal*, *Leiðarvisan*, Bjarni byskup, *Grettis saga*, Sturla Þórðarson, *Sturlungasaga*, *Njáls saga*, *Liknarbraut*. Øvre kant av den raude, vassrette streken går ved 2,5 %.




Hundreår	Of/um-part. pr. verselinjer	Prosent
800- og 900-talet	179 : 4421	4,0 %
1000-talet	45 : 4079	1,1 %
1100-talet	22 : 4641	0,5 %
1200-talet	12 : 2908	0,4 %

Til saman blir det 258 verselinjer der of/um-partikkelen er brukt av dei til saman 16 049 overleverte og undersøkte verselinjene. Det interessante er det markerte fallet, *meir enn halvering frå hundreår til hundreår*: frå 800–900-talet til 1000-talet fell prosenten til grovt rekna fjerdedelen, frå 1000-talet til 1100-talet til knapt halvparten.

Figur 3. *Of/um*-partikkelen hos skaldar med minst 500 verselinjer

Skaldar i kronologisk rekkefølge frå 800-talet til 1200-talet, bare skaldar, anonyme kvad eller islendingasaga med kvad som me har minst 500 verselinjer etter. Kvar sirkel er ein skald, anonymt kvad eller islendingasaga med kvad. Övre kant av den raude, vassrette streken går ved 2,5 %.




Samla tal overleverte verselinjer er høgt, og bortimot like mange i alle dei undersøkte hundreåra (4000–4641 i dei fyrste hundreåra, knapt 3000 i det siste hundreåret), så samanlikningsgrunnlaget er betryggande. Framstilt grafisk blir utviklinga som i figur 4 (sjå neste side).

Tala viser at variasjonane i den fyrste oversikta (figur 1), der alle skaldar med minst 80 overleverte verselinjer er med, i stor grad skuldast at ordmengda frå den enkelte skalden er begrensa. Tar me bare med skaldar med minst 300 overleverte verselinjer, ser me at kurva fell jamt, med bare få avvik, endå jamnare, mest utan avvik, når me bare tar med skaldar med minst 500 verselinjer, og kurva blir heilt regelmessig når me samlar opp skaldar på heile hundreår, det vil seia minst 3000 verselinjer. Dette tyder på at omfanget av *of/um*-partikkelen er eit godt dateringsmiddel om ordmengda er stor nok. Særleg interessant er dei to periodane med bratt fall: før og etter 980-åra, før og etter midten av 1000-talet. Frå den eldste perioden (800- og 900-talet) til den yngste perioden (1100- og 1200-talet) fell frekvensen frå 4,0 % til 0,4–0,5 %, det vil seia *til ein tiandedel!* Då bruker eg tala til Myrvoll.

Figur 4. *Of/um*-partikkelen hos alle skaldar i heile hundreår.

Of/um-partiklar hos alle skaldar, anonyme kvad eller islingingasagaer med kvad, samla i heile hundreår. Usikkert daterte kvad er rekna til hundreåret dei står oppførte på i tabell 1. Øvre den raude, vassrette streken går ved 2,5 %.



Tala til Fidjestøl er så å seia identiske med Myrvolls, mens Gade, som bare undersøkte kvad i *dróttkvætt*, får eit fall frå 4,3 % på 800-talet til 0,5–0,7 % på 1100–1200-talet.⁴³ Ein frekvens på rundt 4 % av alle verselinjer indikerer at om lag 1 % av alle orda i ein tilfeldig valt, større tekst var *of/um*, med andre ord: partikkelen må då ha vore mellom dei mest brukte orda i språket. Ein frekvens på tiandedelen indikerer at *of/um* hadde blitt eit uvanleg ord som sjeldan blei brukt. I alle tilfelle er fallet så markert at det knapt kan ha andre forklaringar enn at talespråket hadde endra seg. Det ser ut som partikkelbruken i kvada speglar eit underliggende mønster, som knapt kan vera noko anna enn bruken i daglegtalen.

Of/um-frekvensen i eddakvada

I eddakvada i *Codex Regius* er det 9442 verselinjer når me ikkje tel repetisjonar.⁴⁴ Eg talde 225 *of/um*-partiklar (mot Fidjestøls 223). Det gir eit snitt-tal på $(225 : 9442) \times 100 \% = 2,4 \%$ av alle verselinjene. Det er stor

43 Mine utrekningar bygde på Gade, «The Dating and Attributions», sjå Olsen, *Alderen til eddakvada*, 43.

44 Fidjestøl talde 9466 verselinjer, men det ser ut som han då rekna med Bugges restituerte versjon av *Völuspá*. Fidjestøl, *The Dating of Eddic Poetry*, 224. Eg tel 9442 verselinjer når eg reknar med verselinjene i *Codex Regius*-versjonen av *Völuspá* i staden.

forskjell på kor hyppig partikkelen er brukt i kvada, frå 6,9 % i *Þrymskviða* (*Þrk.*) til 0,4 % i *Atlamál* (*Am.*). Me ser at kvada fell i fleire grupper, med *Þrymskviða* for seg. Eg gjengir ei oversikt bygd på tala i tabell 10 hos Fidjestøl;⁴⁵ han delte *Hávamál* i tre kvad, kalla *Háv. I*, *Háv. II* og *Háv. III*, då det er vanleg meining at *Hávamál* ikkje er éitt verk, men fleire, eller eit verk som over tid fekk fleire tillegg. Andre kvad har tydeleg opning, oppbygning og avslutning, det har ikkje *Hávamál*. Forskarar har valt å dela inn kvadet på fleire måtar; Fidjestøl skreiv at inndelinga han valde, var «somewhat arbitrary» (1999:218). Eg følgjer Fidjestøl, og får då min tabell 2:

Tabell 2. *Of/um*-partikkelen i eddaskvada i *Codex Regius*

Kvad tal	Kortlinjer	of/um-partikkel	i % av kortlinjer	
Þrymskviða	218	15	6,9%	
Oddrúnargrátr	250	12	4,8%	
Vafþrúðnismál	274	12	4,4%	
Guðrúnarkviða I	201	8	4,0%	
Sigrdrífumál	255	10	3,9%	
Hávamál III	182	7	3,8%	
Hamðismál	218	8	3,7%	
Hávamál I	662	24	3,6%	153 part
Völuspá ⁴⁶	503	17	3,4%	4077 vers
Lokasenna	368	12	3,3%	gj. sn
Brot af Sigurðarkviðu	150	5	3,3%	3,8%
Grímnismál	336	10	3,0%	
Guðrúnarhvöt	174	5	2,9%	
Völundarkviða	286	8	2,8%	

45 Fidjestøl, *The Dating of Eddic Poetry*, 224.

46 Her má Fidjestøl ha talt verselinjer og «ekspletivpartiklar» i Bugges restituerde versjon av *Völuspá*. Eg tel 16 trykksvake forstavingra (*of/um*) på 480 kortlinjer i *Codex Regius*-versjonen, når alle gjentatte linjer bare blir rekna ein gong, men 17 trykksvake forstavingar på 502 verselinjer i Bugges restituerde versjon. Skilnaden i prosent er utan betydning: 3,3 % i *Codex Regius*-versjonen, 3,4 % i Bugges restituerde versjon.

Kvad tal	Kortlinjer	of/um-partikkel	i % av kort linjer	
Sigurðarkviða hin sk.	558	13	2,3%	
Alvissmál	174	4	2,3%	
Hymiskviða	304	7	2,3%	
Skírnismál	246	5	2,0%	
Helreið Brynhildar	108	2	1,9%	56 part
Reginsmál	175	3	1,7%	3012 vers
Guðrúnarkviða II	350	6	1,7%	gj. sn
Atlakviða	351	6	1,7%	1,9%
Fáfnismál	269	4	1,5%	
Hávamál II	146	2	1,4%	
Guðrúnarkviða III	80	1	1,3%	
Hárbarðsljóð	251	3	1,2%	
HHv.	318	3	0,9%	14 part.
Gripisspá	418	3	0,7%	2377 vers
HH I	454	3	0,7%	gj. sn
HH II	426	2	0,5%	0,6%
Atlamál	761	3	0,4%	
	9466	223	2,4%	

Kvada samlar seg í klyngar. Desse klyngane kan ein gruppera på ulike vis, t.d. er avstanden i prosentpoeng like stor mellom *Brot* og *Grm.* som mellom *Hrbl.* og *HHv.*, men den *relative* avstanden er langt større mellom *Hrbl.* og *HHv.* Relativ avstand (avstand i prosent) mellom eit kvad A og kvad B reknar ein ut med formelen $(A - B) : A \times 100 \%$. Eg deler inn etter relative avstandar.

Dei prosentvis største spranga er:

– frå *Þrk.* til *Od.* (6,9 % – 4,8 %): $6,9 \% \times 100 \% = 30 \%$;

– frå *Vkv.* til *Sg.* (2,8 % – 2,3 %): $2,8 \% \times 100 \% = 18 \%$,

– frå *Hrbl.* til *HHv.* (1,2 % – 0,9 %): $1,2 \% \times 100 \% = 25 \%$.

Samlar me kvada i grupper, der ei gruppe må innehalda meir enn eitt kvad, gir dette tre grupper: kvada frå *Þrk.* til *Vkv.*, med frå 6,9 % til 2,8 % *of/um*-partiklar eller 3,8 % av alle verselinjene, i éi gruppe; kvada frå *Sg.* til

Hrbl., med frå 2,3 % til 1,2 % *of/um*-partiklar eller 1,9 % av alle verselinjene, i neste gruppe, og kvada frå *HHV.* til *Am.*, med frå 0,9 % til 0,4 % *of/um*-partiklar eller 0,6 % av alle verselinjene, i den tredje gruppa. Dette kan sjå ut som tre alderslag. Til saman i *Codex Regius* er det *of/um*-partiklar i 2,4 % av alle verselinjene.

Ved skaldekvada fann eg ein samanheng mellom alder og frekvens av *of/um*-partiklar ved kvad med meir enn 300 verselinjer, tydelegare ved fleire enn 500 verselinjer. Då bør *of/um*-partikkelen kunna nyttast som ein noko usikker indikator også ved eddakvad med meir enn 300 verselinjer, sikrare ved eddakvad med meir enn 500 verselinjer. Samanhengen var særst tydeleg i skaldekvada når ein samla dei opp på heile hundreår, meir enn 3000 verselinjer. I heile *Codex Regius* er det 9442 ikkje-repeterte verselinjer. Det tilseier at omfanget eg fann, *of/um*-partiklar i 2,4 % av alle verselinjene, bør reknast som eit sikkert aldersmål, men det gir bare ein *gjennomsnittleg* alder.


Om me samanliknar med bruken i skaldekvada (figur 1), og set inn ei raud vassrett linje for å markera gjennomsnittet for eddakvada i *Codex Regius*, får me figur 5 (sjå neste side).

Figuren viser at *den gjennomsnittlege bruken av of/um-partikkelen* ligg så høgt som *ingen* skaldar etter 980-åra (etter Einarr skálaglamm) nådde opp til (nærmast kjem Hallfreðr og Þorleikr fagri med 2,2 %). Bare skaldar på 800- og 900-talet brukte partikkelen så ofte som den er brukt i eddakvada. Det betyr ikkje at samtlege eddakvad må vera frå 800- og 900-talet, men indikerer at hovudmengda av dei er minst så gamle, og ikkje yngre. Dersom hovudmengda av eddakvada var frå 1000-talet eller yngre, er det underleg at dei skulle ha nytta *of/um*-partikkelen i så stort omfang.

Hávamál er særleg vanskeleg å datera, då kvadet kan ha blitt bygd ut litt etter litt over lang tid. Dei andre kvada har ei tydeleg opning, ei tydeleg oppbygning og ein tydeleg slutt, dei er i større grad heilskaplege kunstverk, sjølv om heller ikkje dei er overleverte utan endringar; strofer eller helmingar kan ha blitt lagt til eller falle frå, enkelte ord og verselinjer har truleg blitt endra. Reglane i versemålet (stavrim i kvar langlinje eller fullinje, to trykktinge stavingar i kvar kortlinje) har verka konserverande; etter mitt syn har det bidratt til at kvada bare har fått mindre endringar under overleveringa, slik at me kan snakka om originale kvad i munnleg form, kvart av dei skapt av éin kunstnar, overlevert munnleg gjennom noko

Figur 5. *Of/um-partikkelen i eddakvada*

Svart kurve: *of/um*-partiklar i skaldekvad, anonyme kvad eller islendingasagaer med kvad, plasserte frå venstre mot høgre i kronologisk rekkefølge, jf. fig. 1. Vassrett raud strek: gjennomsnittleg bruk av *of/um*-partiklar i Codex Regius (2,4 % av alle verselinjer).



tid til dei blei skrivne ned på 1200-talet. Kan omfanget av *of/um*-partiklar hjelpe oss til å datere desse kvada?

Utanom *Hávamál* har me tre kvad med rundt 500 verselinjer eller meir: *Völuspá*, *Sigurðarkviða in skamma* og *Atlamál*. Ved desse tre kvada bør me leggja stor vekt på alderen som *of/um*-partiklane antyder. I tillegg til dei har me ni andre kvad med meir enn 300 verselinjer. Der bør omfanget av *of/um*-partiklane kunna brukast som ein noko usikker indikator.

Alle kvada i det som ser ut som det yngste alderslaget (dei tre Helgekvada, *Gripisspá* og *Atlamál*), har meir enn 300 verselinjer. Det er eit tungt argument for å datere alle desse kvada til den tida då *of/um*-partikkelen bare blei brukt i 0,9–0,4 % av verselinjene, det vil seia til tida etter år 1000 (jamfør tabell 1).

Kvada i det som ser ut som eit mellomlag (kvada frå *Sigurðarkviða in skamma* til *Hárbarðsljóð*), 12 kvad der fire av dei har meir enn 300 verselinjer, har *of/um*-partiklar i frå 2,3 % til 1,2 % av versa, gjennomsnittleg 1,9 % av alle verselinjene. Det svarar til bruken av partikkelen hos skaldar etter Eyvind Skáldaspillir, men før midten av 1000-talet (sjå tabell 1), og antyder

dermed at desse eddakvada kan ha blitt dikta på 900-talet eller tidleg 1000-tal. Det er 3012 verselinjer til saman, så partikkelbruken bør gi eit påliteleg anslag for den gjennomsnittlege alderen. Enkelte kvad i gruppa kan likevel vera eldre eller yngre enn dette, særleg om det er korte kvad.

Kvada i det som ser ut som det eldste laget (frå *Þrymskviða* til *Völundarkviða*), 14 kvad der 4 har meir enn 300 verselinjer (men blant dei er *Hávamál*), har *of/um*-partiklar i frå 6,9 % til 2,8 % av verselinjene, med gjennomsnitt 3,8 %. Ingen skaldar etter 980-åra ligg i nærleiken av ein slik omfattande bruk av *of/um*-partikkelen, jamfør tabell 1, og det er snakk om heile 4077 verselinjer til saman, så partikkelbruken bør gi eit påliteleg overslag for alderen til gruppa som heilskap. Det er vondt å tru at nokon av desse kvada er frå tida etter 980-åra, dei kan heller vera langt eldre. Me veit ikkje kor omfattande partikkelbruken var før Bragis tid, så det er uråd, bare ut frå samanlikning med skaldekvada, å anslå noka tidsgrense bakover i tid. Foreløpig kan me seia at det ser ut som desse kvada neppe er yngre enn frå 800–900-talet. Di kortare kvada er, di meir usikre blir overslaga.

Då ser det ut som me kan samla eddakvada i tre grupper som kan date-rast til «ikkje yngre enn 800–900-talet», «900-talet eller tidleg 1000-tal» og «tida etter år 1000», og at eddakvada som gruppe, det vil seia storparten av kvada, ser ut til å vera eldre enn 980-åra. Me bør undersøka korleis dette stemmer med kva aldersoverslag studiar av andre språktrekk antyder.

Alder ifølgje *of/um*-partikkelen jamført med andre språktrekk

Det er gjennomført studiar av ei rekke andre språktrekk som alle kan gi antydningar om alderen på eddakvada. Eg har undersøkt om dei stadfestar eller motseier overslaga som *of/um*-partikkelen antyder, og har sett på følgjande fenomen: (1) såkalla *vinðandin forna* ('forelda språk'), det vil seia ord på innleiande *vr-* som fekk former på *r-* i yngre norrønt (yngre oldvestnordisk), t.d. *vreiðr* > *reiðr*; (2) hiatus (vokal-samanstøyt) i ord som fekk samantrekte former på 1100-talet, t.d. *séa* > *sjá*; (3) preposisjonane *fyr*, *ept* og *und*, som seinare blei til *fyrir*, *eptir* og *undir*; (4) enklitisk bruk av *ek* og *es*; (5) etterhengd artikkel; (6) verb plassert seint i setninga (brot på den såkalla V2-regelen); (7) bortfall av 'w/v' føre runda vokal; (8) overgang /w/ > /v/ og stavrim *v/vokal*; (9) språkgrensa mot urnordisk og i tillegg

(10) nektingsorda (*né; né + -at, -t, -a*; utsagn + *-at, -t, -a; eigi*). Alt er språkendingar som kan anslås innafør meir eller mindre klare tidsperiodar, og me finn spor av eldre språk i dei nedskrivne eddakvada. Det er uvisse om i kva grad me kan leggja vekt på det enkelte språktrekket, det kan vera uvisse om det faktisk kan påvisast gamalt språk i kvart omdiskuterte tilfelle, og i mange kvad er det ikkje brukt slike ord og vendingar at me kan seia noko om det aktuelle språktrekket. Bare ved *of/um*-partikkelen kan me seia noko sikkert om bruken i alle kvada.

Ved såkalla *vinđandin forna* bygger eg på studia til Fidjestøl og Haukur Þorgeirsson.⁴⁷ Sjø diskusjonen av desse, og av innvendingane til Sävborg, i masteroppgåva mi.⁴⁸ Eg meiner det opphavleg må ha vore stavrim *vr-/v-*, og dermed former på *vr-*, som t.d. *vrøngr, vreiðr*, i *Háv., Vm., Ls., Fm., Sd.* og *Akv.*, kanskje òg (men meir usikkert) i *Þrk.* av kvada i *Codex Regius*. Desse kvada bør då reknast som eldre enn rundt 1000. Dei same orda ser ut til å ha opphavlege stavrim *r-/r-*, og dermed former på *r-* (*røngr, reiðr*), i kvada *Grp.* og *Am.*, kanskje også (men meir usikkert) i *HHv.* og *HH. II*, noko som tyder på at desse kvada høyrer til eit yngre lag; yngre enn rundt 900 ifølgje Fidjestøl, yngre enn rundt 1000 ifølgje Haukur.⁴⁹ Her stør eg argumenta til Fidjestøl og Haukur.

Hiatus i ord som fekk samantrekte former på 1100-talet er studert av Fidjestøl, Gade og Myrvoll.⁵⁰ Skiftet i dei undersøkte orda var fullført rundt 1150.⁵¹ Kva form orda har hatt i dei originale kvada, må rekonstruerast ut frå versemål, noko som inneber uvisse, særleg i kvad i versemålet *ljóðabátt*, men det ser ut som former med hiatus var heilt dominerande. Fidjestøl fann eit fåtal samantrekte former, men tilmed *Grp.*, det einaste med meir enn eitt døme på samantrekte former, har flest former med hiatus.⁵² Etter mitt syn tyder det på at i det minste kvada som er dikta i andre

47 Fidjestøl, *The Dating of Eddic Poetry*, 231–245; Haukur Þorgeirsson, «The Dating of Eddic Poetry — Evidence from Alliteration», *Approaches to Nordic and Germanic Poetry* (red. Kristján Árnason et al., 2016), 33–61.

48 Daniel Sävborg, «Om eddadikternas ursprung och ålder. Gamla och nye tankar», *Arkiv för nordisk filologi* 119, 83f; Olsen, *Alderen til eddakvada*, 27f.

49 Fidjestøl, *The Dating of Eddic Poetry*, 245; Haukur Þorgeirsson, «The Dating of Eddic Poetry», 46, 58.

50 Fidjestøl, *The Dating of Eddic Poetry*, 246–259; Gade, «The Dating and Attributions», 52f; Myrvoll, *Kronologi i skaldekvæde*, 309–328.

51 Myrvoll, *Kronologi i skaldekvæde*, 327f.

52 Fidjestøl, *The Dating of Eddic Poetry*, 253–259.

versemål enn *ljóðabáttr*, bør vera eldre enn skiftet, det vil seia: eldre enn midten av 1100-talet. *Hm.* var det einaste kvadet som bare hadde samantrekt form i dei aktuelle orda (men bare eitt einaste døme), seks andre kvad (fem i *Codex Regius*) hadde eitt eller høgst tre døme (*Gðr. I, Gðr. II, Akv., Fm., Grp.*). Kvad med samantrekte former kan høyra til dei yngste eddakovada, men sidan det er snakk om eitt eller høgst tre døme i kvart kvad, har desse døma lita tyngd.

Overgangen av preposisjonane *fyr, ept* og *und* til *fyrir, eptir* og *undir* er studert av Finnur Jónsson og Gade.⁵³ *Eptir* kom inn i danske og svenske runeinnskrifter frå slutten av 900-talet, i norske rundt 1000,⁵⁴ *fyrir* er brukt i skaldekvad frå 1000-talet, *undir* seinast frå 1100-talet. Dei eldre formene dominerer i eddakovada, tre eddakovad (*Grp., Sg. og Am.*) har 2–4 yngre former ved sida av dei eldre formene, men me kan ikkje utelukka at dei yngre formene har komme inn under overlevering eller nedskrivning. Ut frå dette bør alle eddakovada i *Codex Regius* reknast som eldre enn 1100-talet, med ei viss opning for at dei tre nemnde kvada kan høyra til ei overgangstid.

Enklitisk bruk av ek og es blei behandla av Finnur Jónsson. Han konkluderte at enklisen av *ek* var det alminnelege til langt inn på 1100-talet, så tok det slutt.⁵⁵ Enklitisk bruk av *es* ser ut til å ha tatt slutt tidlegare. I *Codex Regius* er det enklitisk bruk av *ek* «i så at sige alle digtene», bare to kvad (*Vsp. og Rm.*) har ikkje enklitisk *ek*, men dei har begge enklitisk *es*.⁵⁶ Konklusjonen min blir at knapt noko eddakovad i *Codex Regius* er yngre enn 1100-talet.

Den etterhengde artikkelen er behandla av Nygaard og Finnur Jónsson.⁵⁷ Eldste runeinnskrift med etterhengd artikkel er ei innskrift frå Gotland datert til slutten av 900-talet, frå rundt 1100 ser det ut til å ha blitt vanleg

53 Finnur Jónsson, «Nogle bemærkninger om behandlingen af sprog og form i eddadigtene», *Seks Afhandlinger om Eddadigtene*, (København: Gad, 1933), 46f; Gade, «The Dating and Attributions», 69.

54 Yngste norske runeinnskrift med *ept* er frå rundt 1030; Ingrid Sanness Johnsen, *Stutruner i vikingtidens innskrifter*, Universitetforlaget (Oslo 1968), 54.

55 Finnur Jónsson, «Nogle bemærkninger...», 39–46.

56 Finnur Jónsson, 41–43; sjå òg Olsen, *Alderen til eddakovada*, 30.

57 Marius Nygaard, *Eddasprogets Syntax*, Giertsen (Bergen 1865), 47f; Finnur Jónsson, *Det norsk-islandske Skjaldesprog omkr. 800–1300* (København: Møller, 1901), 79ff.

språkbruk.⁵⁸ Tre eddakvad (*Vsp.* 23:7, *Gðr.* II 23:6 og *Ghv.* 20:2) har kvart eitt tilfelle med etterhengd artikkel, men dei har truleg komme inn under overlevering eller nedskriving. Eitt einaste kvad, *Hrbl.*, har meir enn eitt tilfelle med etterhengd artikkel; i dette kvadet er det 19 tilfelle med etterhengd artikkel (mens eg tel 28 tilfelle utan). Finnur Jónsson meinte at også her har den etterhengde artikkelen komme inn under overlevering og nedskriving. Det kan ikkje utelukkast, men det relativt høge innslaget kan tolkast som teikn på at dette kvadet er dikta i ei overgangstid då etterhengd artikkel begynte å bli vanleg, det vil seia mellom seint 900-tal og tidleg 1100-tal. Me merker oss at *Hrbl.* heller ikkje har mange *of/um*-partiklar (sjå tabell 2). Dei andre eddakvada i *Codex Regius* bør då reknast som eldre enn 1100-talet.⁵⁹

Verb plassert seint i setninga er spesielt behandla av Kuhn og Haukur Þorgeirsson.⁶⁰ Kuhn skilde mellom bundne setningar (leddsetningar og heilsetningar som begynte på konjunksjon) og sjølvstendige setningar (heilsetningar som ikkje begynte på konjunksjon). Skaldekvad i versemålet *dróttkvætt* kan ha brot på V2-regelen (at verbet aldri står seinare enn i andre posisjon i setninga) i bundne setningar, men aldri i sjølvstendige setningar. Kvad i versemålet *fornyrðislag* kan bryta med V2-regelen også i sjølvstendige setningar. Kuhn meinte det skuldast vestgermanske lån og kalla kvad med slike brot for «Fremdstofflieder».⁶¹ Haukur påpeika at Kuhns «Fremdstofflieder» er ein hypotetisk storleik, dei antatte vestgermanske långivarane er aldri påviste, og når ein undersøker kvart enkelt kvad, viser det seg at det er store sprik mellom dei ulike antatte «Fremdstofflieder». Derimot er det klart samsvar mellom talet brot på V2-regelen i sjølvstendige setningar og frekvensen av *of/um*-partikkelen; han tolka det som at kvad med mange slike brot var spesielt gamle, og at setningsbygginga

58 Ingrid Sanness Johnsen *op.cit.*, s. 53; Elias Wessén, «Tjängvide, Alskogs sn. Nu i Statens Historiska Museum», *Gotlands runinskrifter*, granskade och tolkade av Sven B.F. Jansson och Elias Wessén, första delen, 11. band i serien *Sveriges runinskrifter*, Almqvist & Wiksell (Stockholm 1962), 195; Olsen, *Alderen til eddakvada*, 31.

59 Olsen, *Alderen til eddakvada*, 30f.

60 Hans Kuhn, «Zur Wortstellung und -betonung im Altgermanischen», *Beiträge zur Geschichte der Deutschen Sprache und Literatur* 57 (1933), 50–68; Haukur Þorgeirsson, «Late Placement of the Finite Verb in Old Norse *Fornyrðislag* Meter», *Journal of Germanic Linguistics* 24 (2012), 233–269.

61 Kuhn, «Zur Wortstellung...», 61f.

med verbet langt bak i setninga også i sjølvstendige setningar var ein arv frå urnordisk, og frå urgermansk før den tid.⁶² Kurt Braunmüller har studert setningsbygging i eldre germansk, urnordisk og vestgermansk.⁶³ Braunmüller tolkar setningar med verb plassert seint i setninga som ein arv frå pregermansk som var på vikande front alt i urgermansk. I eldre vestgermansk var det vanleg i leddsetningar, men ikkje brukt i heilsetningar, mens runeinnskrifter i urnordisk har verb plassert seint i setninga i ca. 30 % av dei kjende tilfella. Eg konkluderer at det tyder på at verb plassert seint i sjølvstendige setningar knapt kan skuldast lån frå vestgermansk, der den setningstypen ser ut til å ha forsvunne, noko som gir støtte til Haukurs påstandar. Brot på V2-regelen, det vil seia: verbet er plassert seint i sjølvstendige setningar, bør oppfattast som eit arkaisk trekk. Kvad med få slike brot på V2-regelen (særleg *HHv*, *HHI*, *HHII*) kan ein anta er yngre enn kvad med spesielt mange slike brot (særleg *Brot*, *Vkv.*, *Gðr. I*, *Gðr. II*, *Þrk.*, *Vsp.*, *Ghv.*).⁶⁴

Stavrim v/vokal, bortfall av w/v før runda vokal: *Lokasenna* (*Ls.*) har stavrim der *orð* og *ulfr* rimar på ord på *v*- og eitt der *ulfr* rimar på vokal. Slike stavrim ville vera naturlege dersom kvadet var dikta før 'w/v' fall bort før runda vokal. Forskarane forklarar tilfella som medvitne arkaismar då dei ikkje har trudd at *Ls.* kunne vera så gammalt.⁶⁵ Runeinnskrifter tyder på at *w*- fall bort før runda vokal etter 600, fullført rundt 700.⁶⁶ Tilfella i *Ls.* kan like gjerne oppfattast som stavrim *v*-/vokal, noko me har mange døme på i eddakvada. *Winfred Lehmann* og *J.L. Dillard* har påvist slike døme i ni eddakvad (*Háv.*, *Vm.*, *Hrbl.*, *Ls.*, *Þrk.*, *HHv.*, *Sg.*, *Gðr. II* og *Od.*).⁶⁷ Stavrima

62 Haukur Þorgeirsson, «Late Placement...», 261, 264.

63 Kurt Braunmüller, *Syntaxtypologische Studien zum Germanischen*, (Tübingen: Gunter Narr, 1982); «The Ancient-Nordic linguistic system from a topological point of view. Phonology, graphemics, morphology, syntax and word order», *The Nordic Languages* 1, (2002), 649–656.

64 Olsen, *Alderen til eddakvada*, 32–35.

65 Erik Noreen, *Den norsk-isländska poesien*, Norstedt (Stockholm 1926), 70; von See et al. (red.), *Kommentar zu den Liedern der Edda* (2. bd.), *Götterlieder*. Skírnismál; Hábarðslióð; Hymiskviða; Lokasenna; Þrymskviða. (Heidelberg: Winter, 1997), 376.

66 Helge Sandøy, «The typological development of the Nordic languages I: Phonology», *The Nordic Languages* 2 (2005), 1852–1871; Ottar Grønvik, *Runeene på Eggjasteinen. En bedensk gravinskrift fra slutten av 600-tallet*, (Oslo, Bergen, Stavanger, Tromsø: Universitetsforlaget, 1985), 162f; *Fra Ågedal til Setre. Sentrale runeinnskrifter fra det 6. århundre*, (Oslo, Bergen, Stavanger, Tromsø: Universitetsforlaget, 1987), 187.

67 Winfred Lehman & J.L. Dillard, *The Alliterations of the Edda* (Austin, 1954), 140–153; dei

kan vera autentiske også om kvada er langt yngre enn 600-talet dersom 'w/v' blei oppfatta som vokal. Finnur Jónsson konkluderte at slike stavrim var mulige, sjølv om dei er uhyre sjeldne i skaldekvada.⁶⁸ Slike stavrim ville etter mitt syn vera naturlege så lenge 'v' blei uttala vokalisk, som engelsk 'w', /w/. Når skjedde overgangen frå bilabial /w/ til labiodental /v/? Bo Ralph og Tomas Riad daterer den til slutten av «Common Old Nordic Period», truleg på 1000-talet.⁶⁹ Eg konkluderer at stavrim v/vokal var mulig i eldre norrøn tid. Samtidig er det påfallande at dei er relativt hyppige i eddakvada, men uhyre sjeldne i skaldekvada, noko som tyder på at eddakvada høyrer til ein eldre sjanger. Yngre enn rundt 1100 er dei neppe — det er i alle fall min konklusjon for dei ni skaldekvada med stavrim v/vokal.

Språkgrensa mot urnordisk er behandla av Bugge, Noreen og Fidjestøl.⁷⁰ Bugge hadde påvist at kvad i versemålet *ljóðaháttr* følgde ein spesiell regel, kalla Bugges regel, i fullverslinjene. Når han rekonstruerte kvada til urnordisk, ville eddakvada bryta med denne regelen. Det tolka han som at ingen av kvada var eldre enn overgangen frå urnordisk til norrønt. Noreen påviste at fleire kvad kunne rekonstruerast til urnordisk utan å bryta med Bugges regel, noko som gav grunn til å tru at enkelte av dei var eldre enn norrøn tid. Fidjestøl undersøkte dei same døma, avgrensa til tilfella der norrøn eller urnordisk form ville gi ulikt utslag for Bugges regel. Han konkluderte med at med nokre få mulige unntak blei Bugges funn bekrefta, og at avvika, kvada der urnordisk form ville gi få eller ingen brot på Bugges regel, var for få til at dei kunne gi positiv støtte til ei datering til urnordisk tid. Mot det vil eg innvenda at så lenge enkelte kvad faktisk *kan* førast

same døma finn ein også hos von See et al. *Kommentar zu den Liedern der Edda* 1997–2019; jf. Olsen, *Alderen til eddakvada*, 38.

- 68 Finnur Jónsson, *Norsk-islandske kultur- og sprogforhold i 9. og 10. årh. Historisk-filologiske Meddelelser udg. af Det Kgl. Danske Videnskabers Selskab III, 2*, (København: Bianco Luno, 1920–1921), 253f.
- 69 Bo Ralph, «Phonological and graphemic developments from Ancient Nordic to Old Nordic», *The Nordic Languages* (sjå d.) 1 (2002), 716; Tomas Riad, «Phonological and graphemic developments from Ancient Nordic to Old Nordic», *The Nordic Languages* 1 (2002), 901.
- 70 Sophus Bugge, «Nogle bidrag til det norrøne sprogs og den norrøne digtnings historie, hentede fra verslæren», *Beretning om forhandlingerne på det første nordiske filologmøde i København den 18.–21. juli 1876*, red. Ludv. F.A. Wimmer (København, 1879), 140–146; Erik Noreen, «Eddastudier.» *Språkvetenskapliga sällskapet i Uppsala förhandlingar Jan. 1919–Dec. 1921*, Uppsala Universitets Årsskrift 1921 (Uppsala 1921), 1–44; Fidjestøl, *The Dating of Eddic Poetry*, 260–269.

tilbake til urnordisk utan brot på regelen, kan me ikkje avvisa *muligheten* for at dei er eldre enn norrøn tid. Om dei faktisk kan vera så gamle, må drøftast konkret for kvart enkelt kvad. Eg vil oppfatta få brot på Bugges regel som eit arkaisk trekk, slik at kvad i *ljóðahátt* med få slike brot (særleg *Háv.*, *Alv.*, *Vm.*, *Fm.*) ofte er eldre enn kvad med mange slike brot.

Samsvarar dei språklege kriteria?

Det er ikkje fullt samsvar mellom alle kriteria, noko som heller ikkje er å venta. Samsvaret er likevel stort. Dei fem kvada eg har rangert som det yngste laget ut frå omfanget av *of/um*-partikkelen, Helgekvada, *Grp.* og *Am.*, ser også ut til å ha låg alder ut frå dei andre kriteria, med unntak av at *Grp.* har eit middels tal brot på V2-regelen (og dei fleste kvada ser ut til å vera eldre enn 1100-talet). Inntrykket av at desse kvada er unge, blir bekrefta. Dei 13 kvada eg rangerer som det eldste laget ut frå omfanget av *of/um*-partikkelen, kvada frå *Þrk.* til *Vkv.* i tabell 2, ser stort sett ut til å vera av høg alder også ut frå andre kriterium. Unntaka er at *Od.* bare har middels tal brot på V2-regelen, *Hm.* har éi (einaste) samantrekt form der me ventar hiatus og *Sd.*, *Ls.* og *Grm.* har middels tal brot på Bugges regel. Bortsett frå *Od.* og *Grm.* blir alle dei 13 bekrefta som gamle av minst eitt kriterium i tillegg til *of/um*-partikkelen.

Dersom me deler alle dei 29 kvada i to store bolkar, 'antatt eldste' og 'antatt yngste', ut frå omfanget av *of/um*-partikkelen, får me dette resultatet: Av dei 15 antatt eldste eddakvada (f.o.m. *Þrk.* t.o.m. *Alv.*) er det bare to — *Hm.* og *Sg.* — som blir antyda som unge på noko anna kriterium, begge bare på eitt einaste kriterium. Av dei 14 antatt yngste eddakvada (f.o.m. *Hym.* t.o.m. *Am.*) er det bare to — *Gðr. II* og *Fm.* — som blir antyda som gamle på noko anna kriterium, begge bare på eitt einaste kriterium.

Dei kvada som får litt sprikande resultat, er ofte så korte at me ikkje kan leggja stor vekt på kriteria. Mønsteret blir bekrefta: me kan skilja mellom tre alderslag, og frekvensen av *of/um*-partiklar ser ut til å vera eit brukbart kriterium for å skilja mellom eldre og yngre kvad. Men spesielt ved kortare kvad skal me vera forsiktige med klare konklusjonar om alderen.

Haukur Þorgeirsson har rekna ut kor ofte ulike nektingsord er brukt i eddakvada, og samanlikna med omfanget (frekvensen) av *of/um*-partiklar. I dei 14 kvada som har høgast innslag av *of/um*-partiklar, er nektingsorda

ofte *né, né* + etterhengt *-at, -t, -a* eller bare etterhengt *-at, -t, -a*. I dei 15 kvada som har lågast innslag av *of/um*-partiklar, er *né* langt sjeldnare brukt mens *eigi* er hyppig, i tillegg til at nektinga ofte blir markert som etterhengt *-at, -t, -a* utan eit førestilt *né*. Då det førestilte *né* er antatt eldre og *eigi* (etterhengt *-gi*) antatt yngre, styrkar denne undersøkinga tiltrua til *of/um*-partikkelen som alderskriterium. Haukur presenterte dette på konferansen «Metodologi i mytologi», Bergen 31. oktober–1. november 2019. Eg trykker figurane med Haukurs løyve, sjå tabell 3 og 4 (side 192–193).

Når me ser at frekvensen av *of/um*-partikkelen i eddakvada fell i samsvar med skiftet i bruken av ulike nektingsord, eit skifte som har samanheng med alder, blir det endå eit argument for at frekvensen av *of/um*-partikkelen i eddakvada seier noko om alderen på kvada. Når jamføring med alle andre gamle språktrekk også tyder på det same, blir det vanskeleg å finna andre forklaringar enn at frekvensen av *of/um*-partikkelen i dei overleverte eddakvada heng saman med alderen på kvada. Ord materialet må sjølvstøtt vera så pass omfattande at me har grunnlag til å trekka slutningar bygd på frekvens. Eg meiner å ha påvist at me må ha minst 300 verselinjer, helst 500 verselinjer eller meir, for å bruka partikkelen som indikator, og at slutningar bygd på frekvens er heilt sikre når me har tuseener av verselinjer.

Konklusjon

Of/um-partikkelen var ikkje fyllord, men ein rest etter trykksvake forstavingar som enno hadde eit meiningsinnhald i norrøn tid. Nemninga «ekspletiv partikkel», «fyllord», er derfor misvisande; partikkelen var ikkje eit reint dikterisk verkemiddel, det ser ut til at den høyrde til daglegtalen inntil den gradvis gjekk ut av bruk. Dersom det er tilfelle, og bruken speglar bruken i daglegtalen, blir den meir truverdige som aldersmål enn om den bare var eit dikterisk verkemiddel skaldar nytta vilkårleg.

Frekvensen av *of/um*-partikkelen er eit godt aldersmål dersom ordmengda er stor nok, og den er det beste dateringskriteriet me har, også fordi det kan nyttast, med større eller mindre atterhald, for samtlege eddakvad. Partikkelen kan nyttast som ein usikker indikator ved kvad på minst 300 kortverslinjer, ein sikrare indikator ved minst 500 kortvers, og eit særst godt aldersmål når me har meir enn 3000 kortvers (då er utvik-

Tabell 3. Omfang av of/um-partikkelen samanlikna med nektingsord; dei 14 eddakovada med høgast frekvens of/um-partiklar. Undersøkt av Haukur Þorgeirsson, gjengitt med hans løyve.

Kvad	Verselinjer	Partiklar	né	né + a/t	a/t	eigi
Prymskviða	218	15	0	0	1	1
Oddrúnargrátr	250	12	0	1	6	3
Vafþrúðnismál	274	12	1	0	3	0
Guðrúnarkviða I	201	8	0	0	2	0
Sigrdrífumál	255	10	1	0	8	1
Hamðismál	218	8	2	2	5	0
Völuspá	503	17	5	0	1	0
Brot af Sigurðarkviðu	150	5	0	0	4	0
Hávamál	990	33	6	0	36	2
Lokasenna	368	12	6	1	16	2
Grimnismál	336	10	0	1	2	0
Guðrúnarhvøt	174	5	0	0	4	1
Völundarkviða	286	8	0	0	8	1
Sigurðarkv. skamma	558	13	1	0	16	4
Til saman	4781	168	22	5	112	15

linga eintydig, jf. figur 5). Studiar av andre språklege trekk gir god støtte til dateringane som of/um-partikkelen antyder.

Kartlegginga har avdekt nokre tydelege skilje i bruken av partikkelen over tid. Det er eit markert fall i bruken etter 980-åra og eit nytt, markert fall etter midten av 1000-talet. Etter midten av 1000-talet er frekvensen ein tiandedel av det han var på 800–900-talet. Etter 1200-talet forsvinn partikkelen heilt.

Arbeidet mitt antyder at eddakovada kan delast inn i tre alderslag. Det yngste laget (dei tre Helge-kvada, *Grp.* og *Am.*) bør daterast til 1000-talet eller tidleg 1100-tal. Eit mellomlag kan vera dikta på 900-talet eller tidleg 1000-tal, mens det ser ut til at det eldste laget ikkje er yngre enn 800–900-talet, og kan vera endå eldre. Dateringane gjeld fyrst og fremst

Tabell 4. Omfang av of/um-partikkelen samanlikna med nektingsord; dei 15 eddakovada med lågast frekvens of/um-partiklar. Undersøkt av Haukur Þorgeirsson, gjengitt med hans løyve.

Kvad	Verselinjer	Partiklar	né	né + a/t	a/t	eigi
Hymiskviða	304	7	0	0	4	0
Alvíssmál	174	4	0	0	4	0
Skírnismál	246	5	1	0	4	0
Helreið Brynhildar	108	2	0	0	1	2
Reginismál	175	3	0	0	6	0
Guðrúnarkviða II	350	6	1	2	7	4
Atlakviða	351	6	0	1	6	0
Fáfnismál	269	4	1	1	8	1
Guðrúnarkviða III	80	1	0	0	3	0
Hárbarðsljóð	251	3	0	0	6	1
Helgakv. Hjørvarðss.	318	3	1	0	11	5
Grípisspá	428	3	1	0	7	5
H. Hundingsb. I	454	3	1	0	14	2
H. Hundingsb. II	426	2	0	0	13	4
Atlamál	761	3	0	3	32	6
Til saman	4685	55	5	7	116	27

alderslaga; som dateringar for enkeltkvad er dei sikrare for lange kvad og meir usikre for korte kvad.

Storparten av eddakovada ser ut til å vera eldre enn 1000-talet, frå før-kristen tid.

Forkortingar

Akv. *Atlakviða*

Alv. *Alvíssmál*

Am. *Atlamál*

Brot *Brot af Sigurðarkviðu*

f. og følgjande side

ff. og dei to følgjande sidene

Fm. *Fáfnismál*

Gðr. I *Guðrúnarkviða I*

Gðr. II *Guðrúnarkviða II*

Ghv. *Guðrúnarhvøt*

Grm. *Grimnismál*

Grp. *Grípisspá*

<i>Háv.</i>	<i>Hávamál</i>	<i>Ls.</i>	<i>Lokasenna</i>
<i>HH. I</i>	<i>Helgakviða Hundingsbana I</i>	<i>Od.</i>	<i>Oddrúnargrátr</i>
<i>HH. II</i>	<i>Helgakviða Hundingsbana II</i>	<i>Rm.</i>	<i>Reginismál</i>
<i>HHv.</i>	<i>Helgakviða Hjörvarðssonar</i>	<i>Sd.</i>	<i>Sigrdrífumál</i>
<i>Hm.</i>	<i>Hamðismál</i>	<i>Sg.</i>	<i>Sigurðarkviða in skamma</i>
<i>Hrbl.</i>	<i>Hárbarðsljóð</i>	<i>Þrk.</i>	<i>Þrymskviða</i>
<i>Hym.</i>	<i>Hymiskviða</i>	<i>Vkv.</i>	<i>Völundarkviða</i>
<i>jf.</i>	<i>jamför</i>	<i>Vm.</i>	<i>Vafþrúðnismál</i>
<i>l.</i>	<i>linje</i>	<i>Vsp.</i>	<i>Völuspá</i>

LITTERATUR

PRIMÆRKJELDER

Codex Regius av den eldre Edda:

- *Íslenzk fornrit. Eddukvæði I–II.* Utg. av Jónas Kristjánsson og Vésteinn Ólason. Reykjavík: Hið íslenzka fornritafélag, 2014.
 - *Kommentar zu den Liedern der Edda.* Utg. av von See et al. (7 band; inneheld kvada samt omsettingar og kommentarar til kvada); sjá under sekundærkjelder, von See et al. 1997–2019.
 - *Norræn fornkvæði. Islandsk samling af folkelige Oldtidsdigte om Nordens Guder og Heroer, almindelig kaldet Sæmundar Edda hins fróða.* Utg. av Sophus Bugge. Christiania: Mallings, 1867.
- Einarr Skúlason. «Lausavísur». *Poetry from the Kings' Sagas 2*, red. Kari Ellen Gade. *Skaldic Poetry of the Scandinavian Middle Ages 2.* Turnhout: Brepols, 2009, 568–574.

SEKUNDÆRKJELDER

- Bjorvand, Harald og Fredrik Otto Lindemann. *Våre arveord. Etymologisk ordbok.* Oslo: Novus, 2019 (rev. utg. av 1. utg. 2000; 2. utg. 2007).
- Braunmüller, Kurt. *Syntaxtypologische Studien zum Germanischen.* Tübingen: Gunter Narr, 1982.
- . «The Ancient-Nordic linguistic system from a topological point of view. Phonology, graphemics, morphology, syntax and word order.» *The Nordic Languages 1* (sjå d.), 2002, 649–656.
- Bugge, Sophus. «Nogle bidrag til det norrøne sprogs og den norrøne digtnings historie, hentede fra verslæren.» *Beretning om forhandlingerne på det første nordiske filologmøde i København den 18.–21. juli 1876*, red. Ludv. F.A. Wimmer. København, 1879, 140–146.
- . *Studier over de nordiske Gude- og Heltesagns Oprindelse.* 1. serie. Christiania: Cammermeyer, 1881–1889.

- Christiansen, Hallfrid. «De germanske uaksentuerte prefikser i nordisk.» *Norsk tidsskrift for sprogvidenskap* 19 (1960): 340–382.
- Dal, Ingerid. *Ursprung und Verwendung der altnordischen «Expletivpartikel» of, um*. Avhandlingar utgitt av Det Norske Videnskabs-Akademi i Oslo. II. Hist.-Filos. Klasse. 1929. Nr 5. Oslo: Dybwad, 1930.
- . «Zur Geschichte der schwachtonigen Präfixe im Nordischen.» *Norsk Tidsskrift for Sprogvidenskap* 4 (1930): 179–210.
- Fidjestøl, Bjarne. «Ekspletivpartikkelen som dateringskriterium: Forsøk i filologisk statistikk.» *Festskrift til Finn Hødnebo 29. desember 1989*, red. Bjørn Eithun et al. Oslo: Novus, 1989, 46–64.
- . *The Dating of Eddic Poetry. A historical survey and methodological investigation*, edited by Odd Einar Haugen. Bibliotheca Arnemagnæana vol. 41. København: Reitzel, 1999.
- Finnur Jónsson. *Den oldnorske og oldislandske litteraturs historie* (1. udg., 1. bd.). København, 1894.
- . *Det norsk-islandske Skjaldesprog omkr. 800–1300*. København: Møller, 1901.
- . *Den oldnorske og oldislandske litteraturs historie* (2. udg., 1. bd.). København: Gad, 1920.
- . *Norsk-islandske kultur- og sprogforhold i 9. og 10. årh. Historisk-filologiske Meddelelser udg. af Det Kgl. Danske Videnskabernes Selskab III, 2*. København: Bianco Luno, 1920–21.
- . «Nogle bemærkninger om behandlingen af sprog og form i eddadigtene.» *Seks Afhandlinger om Eddadigtene*, København: Gad, 1933, 33–51.
- Gade, Kari Ellen. «The Dating and Attributions of Verses in the Skald Sagas.» *Ergänzungsbände zum Reallexikon der Germanischen Altertumskunde* 27, Berlin, New York: de Gruyter, 2001, 50–74.
- Grønvik, Ottar. *Runene på Eggjasteinen. En hedensk gravinnskrift fra slutten av 600-tallet*. Oslo, Bergen, Stavanger, Tromsø: Universitetsforlaget, 1985.
- . *Fra Ågedal til Setre. Sentrale runeinnskrifter fra det 6. århundre*. Oslo, Bergen, Stavanger, Tromsø: Universitetsforlaget, 1987.
- Harris, Joseph. «Eddic Poetry.» *Old Norse-Icelandic Literature. A Critical Guide*, red. Carol Clover og John Lindow. Toronto: University of Toronto Press, 1985, 68–156.
- Haukur Þorgeirsson. «Late Placement of the Finite Verb in Old Norse *Fornyrðislag* Meter.» *Journal of Germanic Linguistics* 24 (2012): 233–269.
- . «The Dating of Eddic Poetry — Evidence from Alliteration.» *Approaches to Nordic and Germanic Poetry*, red. Kristján Árnason et al. Reykjavík: University of Iceland Press, 2016, 33–61.
- Johnsen, Ingrid Sanness. *Stuttruner i vikingtidens innskrifter*. Oslo: Universitetsforlaget, 1968.
- Keyser, Rudolf. *Efterladte Skrifter 1. Nordmændenes Videnskabelighed og Literatur i Middelalderen*. Christiania: Mallings, 1866.

- Kuhn, Hans. *Das Füllwort of-um im Altwestnordischen. Eine Untersuchung zur Geschichte der germanischen Präfixe. Ein Beitrag zur altgermanischen Metrik.* Ergänzungshefte zur Zeitschrift für vergleichende Sprachforschung auf dem Gebiet der indogermanischen Sprachen, Nr. 8. Göttingen: Vandenhoeck & Ruprecht, 1929.
- . «Zur Wortstellung und -betonung im Altgermanischen.» *Beiträge zur Geschichte der Deutschen Sprache und Literatur* 57 (1933): 1–104.
- Kulbrandstad, Lars Anders. *Språkets mønstre. Grammatikalske begreper og metoder.* Oslo: Universitetsforlaget, 2012 (3. utg., 4. oppl.; 1. utg. 1993).
- Lehman, Winfred P. og J.L. Dillard. *The Alliterations of the Edda.* Austin, 1954.
- Mundal, Else. «Edda- og skaldedikting.» *Handbok i norrøn filologi*, red. Odd Einar Haugen, 2. utg. (1. utg. 2004). Bergen: Fagbokforlaget, 2013, 356–416.
- Myrvoll, Klaus Johan. *Kronologi i skaldekvæde. Distribusjon og språklege drag i høve til tradisjonell datering og attribuering.* Avhandling for graden philosophiae doctor, Universitetet i Oslo, Oslo, 2014.
- Noreen, Erik. «Eddastudier.» *Språkvetenskapliga sällskapet i Uppsala förhandlingar Jan. 1919–Dec. 1921.* Uppsala Universitets Årsskrift 1921. Filosofi, språkvetenskapliga och historiska vetenskaper, 5. Uppsala, 1921, 1–44 (Bil. A).
- . *Den norsk-isländska poesien.* Stockholm: Norstedt, 1926.
- Nygaard, Marius. *Eddasprogets Syntax.* Bergen: Giertsen, 1865.
- Olsen, Leiv. *Alderen til eddakvæda i Codex Regius. Spesielt om of/um-partikkelen som dateringskriterium.* Masteroppgåve i norrønt, Universitetet i Bergen. 2019.
Nettadresse: <http://bora.uib.no/handle/1956/19972>.
- Ralph, Bo. 2002. «Phonological and graphemic developments from Ancient Nordic to Old Nordic.» *The Nordic Languages* (sjå d.) 1, 2002, 703–719.
- Riad, Tomas. «Phonological and graphemic developments from Ancient Nordic to Old Nordic.» *The Nordic Languages* (sjå d.) 1, 2002, 896–911.
- Sandøy, Helge. «The typological development of the Nordic languages I: Phonology.» *The Nordic Languages* (sjå d.) 2, 2005, 1852–1871.
- von See et al. 1997–2019 = *Kommentar zu den Liedern der Edda* (7 bd.), red. Klaus von See, Beatrice La Farge, Eve Picard, Katja Schulz og Matthias Teichert. Heidelberg: Winter, 1997–2019.
1. *Götterlieder.* Teil I: Völuspá [R]; Hávamál. Teil II: Vafþrúðnismál; Grímnismál; Völuspá [H]; Zwergenverzeichnis aus der Gylfaginning. 2019.
 2. *Götterlieder.* Skírnismál; Hárbarðsljóð; Hymiskviða; Lokasenna; Þrymskviða. 1997.
 3. *Götterlieder.* Völundarkviða; Alvismál; Baldrs draumar; Rígsþula; Hyndluljóð; Grottasǫngr. 2000.
 4. *Heldenlieder.* Helgakviða Hundingsbana I; Helgakviða Hiǫrvarðssonar; Helgakviða Hundingsbana II. 2004.
 5. *Heldenlieder.* Frá dauða Sinfjötla; Grípiþspá; Reginsmál; Fáfnismál; Sigrdrífumál. 2006.

6. *Heldenlieder*. Brot af Sigurðarkviða; Guðrúnarkviða I; Sigurðarkviða in skamma; Helreið Brynhildar; Dráp Niflunga; Guðrúnarkviða II; Guðrúnarkviða III; Oddrúnargrátr; Strophenbruchstücke aus der Völsunga saga. 2009.
 7. *Heldenlieder*. Atlakviða in grœnlenska; Atlamál in grœnlenska; Frá Guðrúno; Guðrúnarhvöt; Hamðismál. 2012.
- Sävborg, Daniel, «Om eddadikternas ursprung och ålder. Gamla och nye tankar. *Arkiv för nordisk filologi* 119 (2004), 55–104.
- The Nordic Languages. An International Handbook of the History of the North Germanic Languages*, red. Oskar Bandle et al. Berlin, New York: de Gruyter, I. 2002, II. 2005.
- Thorvaldsen, Bernt Øyvind. «Om Þrymskviða, tekstlån og tradisjon.» *Maal og Minne* 2008 (2008), 142–166.
- . «The Dating of Eddic Poetry.» *A Handbook to Eddic Poetry. Myths and Legends of Early Scandinavia*, red. Carolyne Larrington, Judy Quinn og Brittany Schorn. Cambridge: Cambridge University Press, 2016, 72–91.
- Turville-Petre, Gabriel. *Myth and Religion of the North: The Religion of Ancient Scandinavia*. New York: Holt, Rinehart and Winston, 1964.
- de Vries, Jan. *Altnordisches Etymologisches Wörterbuch*. Leiden: Brill, 1961.
- Wessén, Elias. 1962. «Tjängvide, Alskogs sn. Nu i Statens Historiska Museum.» *Gotlands runinskrifter*, granskade och tolkade av Sven B.F. Jansson och Elias Wessén, första delen, 11. band i serien *Sveriges runinskrifter*. Stockholm: Almqvist & Wiksell, 1962, 190–198.

ÁGRIP

Ögnin *of/um* sem aldursgreinandi einkenni í Eddukvæðum

Lykilorð: ögnin *of/um*; fylliorð; áherslulaus forskeyti; Eddukvæði; aldursgreining kvæða

Í greininni er leitast við að gera grein fyrir hlutverki og merkingu agnarinnar *of/um* í norrænu og enn fremur rannsakað hvaða gagn megi hafa af þessari ögn við aldurssetningu Eddukvæða, eins og Hans Kuhn lagði til 1929. Niðurstaðan er sú að ögn þessi sé ekki réttnefnt „fylliorð“, eins og margir fræðimenn hafa kallað hana, heldur sé hér um að ræða áherslulaust forskeyti sem ljær orðinu sem á eftir kemur nánari merkingu, eins og Ingerid Dal hélt fram 1929/30. Ögnin var sennilega notuð í talmáli á meðan norræna var töluð en sjaldnar eftir því sem leið á uns hún hvarf um 1300. Mesta breytingaskeiðið hefur verið frá lokum 10. aldar fram á miðja 11. öld. Tíðni *of/um* í dróttkvæðum frá 9. og 10. öld er tíföld á við það sem finnst í dróttkvæðum 12. og 13. aldar. Þetta er lykilatriði þegar hugað er að aldursgreiningu Eddukvæða.

Ögnin *of/um* nýttist fyrst og fremst þegar um verulegan efnivið er að ræða. Til að draga ályktanir um aldur er rétt að hafa um 300 vísuorð. Þegar um þúsundir vísuorða er að ræða stendur niðurstaðan mjög styrkum fótum. Aldursgreining á Eddukvæðum miðað við tíðni *of/um*-agnarinnar kemur vel heim við aldursgreiningu miðað við önnur málfræðileg einkenni. Þegar á allt er litið má segja að *of/um*-ögnin sé besta viðmiðið sem við höfum til að aldurssetja Eddukvæði.

SUMMARY

The *of/um* Particle as a Dating Criterion in the Eddic poems

Keywords: *of/um* particle; expletive particle; Eddic poems; dating of poetry

The author investigates the function and possible meanings of the *of/um* particle and how this particle can be used as a dating criterium for Eddic poems, as Hans Kuhn proposed in 1929. The author concludes that the *of/um* particle was not a filler word (“expletive particle”), as most philologists have assumed, but an unstressed prefix which supplied the following word with a specific meaning – as Ingerid Dal claimed in 1929/30. The particle was probably used in daily speech when Old Norse was spoken, but gradually fell out of use, and disappeared after the end of the 13th century. The most marked change occurred between the end of the 10th and the middle of the 11th centuries. The frequency of the *of/um*-particle in skaldic poems from the 9th and 10th centuries is 10 times the frequency in skaldic poems from the 12th and 13th centuries. This is important when dating Eddic poems.

The *of/um* particle can be used as a dating criterium only when the material for analysis is extensive. This requires at least 300 short verses to use the particle as an indication for age. It is a very sound criterium when the material includes thousands of short verses. Dating of Eddic poems based on the frequency of the *of/um* particle corresponds well with dating based on other linguistic criteria. All in all, dating based on the *of/um* particle is the best criterium we have for dating Eddic poems.

Leiv Olsen
 Admiral Cruys gate 24
 N-4012 Stavanger
 Norge
 leolsen@online.no